

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Sunnhordaland, 4. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	04.12.2018
<b>Tid:</b>	09:30

Kl 09:30 – 10:30 Orientering frå Skyss, v/ Målfrid Vik Sønstabø

Kl 10:30 – 10:40 Pause

Kl 10:40 – 12:00 Saksbehandling

Kl. 12:00 - 12:30 Lunsj

Kl. 12:30 – Sakshandsaming

Kl. 17:00 Juleavslutning på Potetkjelleren

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Det er registrert forfall på Inger Lingjerde. Vara Kari Solberg møter.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Gunda Falao Sparre,  
nestleiar

for Kåre Ystanes,  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 65/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 66/18	Godkjenning av møteprotokoll forrige møte	2018/16480	
PS 67/18	Godkjenning av sakliste		
PS 68/18	Referatsak (meldingar)		
RS 45/18	Svar frå SKYSS - ruteendringar hausten 2018	2018/16480	
RS 46/18	Til orientering: Brev sendt frå Fylkeseldrerådet etter møte 08.11.2018	2018/16480	
RS 47/18	Prolongering av fylkeseldrerådet sine representanter i brukerutvalet ved Haraldsplass Diakonale sjukehus	2018/16480	
RS 48/18	Meldingssak om innhald i møteprotokoll frå Fylkessekretariatet	2018/16480	
PS 69/18	Ymse		
PS 70/18	Uttale til sak om "Handlingsprogram til 2019-2020. Kollektivstrategi for Hordaland"	2018/16480	
PS 71/18	Uttale i sak om "Justering av tilbudsstrukturen 2019/20 (klassesaka)"	2018/16480	
PS 72/18	Forslag til uttale i høyring om "Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient- og brukerutval"	2018/16480	
PS 73/18	Svar frå Pensjonistforbundet om sak: Nominasjon til Brukerutvalet i Helse Fonna	2018/16480	
PS 74/18	Vestlandskonferansen 2019: Vidare arbeid med program	2018/16480	
PS 75/18	Revisjon av handlingsplanen 2015-2019	2018/16480	
PS 76/18	Første utkast til Årsmelding 2018	2018/16480	
PS 77/18	Eldrerådskonferansen 2019: Valg av hotell	2018/16480	

**PS 65/18 Godkjenning av møteinnkalling**



Arkivnr: 2018/16480-20

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	66/18	04.12.2018

### Godkjenning av møteprotokoll forrige møte

#### Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå 08.11.2018 vart godkjent utan merknader.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 08.11.2018  
**Tidspunkt:** 09:30-14:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV	Gjekk 12:30
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP	
Odd Himle	Medlem	SN-H	
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF	
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Kåre Ystanes	Leiar	PF

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Gunvor Opedal	Kåre Ystanes	PF

---

**Merknader**

---

**Leiar i møte 08.11.2018: Gunda Falao Sparre****Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Silje Lyngstad  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 54/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 55/18	Godkjenning av møteprotokoll forrige møte	2017/2682	
PS 56/18	Godkjenning av sakliste		
PS 57/18	Referatsak (meldingar)		
RS 40/18	Lokale båtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog	2017/17742	
RS 41/18	Servicelinjene i Bergen	2018/14297	
RS 42/18	Konkurransesetjing av Rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord	2018/14417	
RS 43/18	Ad. oppnemning av representantar til brukarutvalet i Helse Fonna - til info	2017/2682	
RS 44/18	Referat frå møte i brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sykehus den 10.09.2018.	2017/2682	
PS 58/18	Ymse		
PS 59/18	Status for plan om likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune	2017/2682	
PS 60/18	Eldrerådskonferansen 2018 - evaluering	2017/2682	
PS 61/18	Vestlandskonferansen 2019 - idear til program	2017/2682	
PS 62/18	Eldrerådskonferansen 2019 - konferansen for dei kommunale eldreråda - byrje planlegging av konferansen	2017/2682	
PS 63/18	Høring - etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombud	2017/2682	
PS 64/18	Oppklaring av oppnemning av representantar til brukarutvalet i Helse Fonna	2017/2682	

## **PS 54/18 Godkjenning av møteinnkalling**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknader.

## **PS 55/18 Godkjenning av møteprotokoll forrige møte**

### **Forslag til vedtak**

Møteprotokollen frå møte 27.09.2018 vart godkjent utan merknader.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** gjorde merksam på følgjande:

På s. 4 blei namnet til Gunda Falao Sparre stava feil.

På s. 8 er det ein datofeil i sak 52/18 om besøk frå fylkestannlegen. Riktig dato er 08.11 og ikkje 08.12.

På s. 9 manglar etternamn på Gunda Falao Sparre i sak 53/18 under røystinga.

**Odd Himle (SN-H)** gjorde merksam på at han er medlem av SN-H og ikkje AN-H som skreve på framsida av protokollen frå førre møte.

Møteprotokollen frå 27.09.18 vart godkjent med dei merknadene som er nemnd over.

## **PS 56/18 Godkjenning av sakliste**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 43/18 på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 64/18 Oppklaring av oppnemning av representantar til brukerutvalet i Helse Fonna.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

## **PS 57/18 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

RS 40/18-42/18 og RS 44/18 vart referert.

## **PS 58/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

Fylkeseldrerådet inviterer Skyss til å kome til neste møte i rådet, 04.12.18, for spørsmål og orientering i samband med RS 41/18 og 42/18.

## **ORIENTERINGAR**

Arne Åsan, fylkestannlege i Hordaland fylke, orienterte om tannhelseteneste i Hordaland fylkeskommune i samband med prosjekt på Stord og i Årstad bydel og fylkestannlegen og fylkestannhelsetenesta i ny region.

## **PS 59/18 Status for plan om likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil gje innspel til saka status for plan om likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

**Inger M. Lingjerde (PF)** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet ved Inger Lingjerde vil utarbeide forslag til uttale og sende det på mail til gjennomlesing og eventuelt kommentar før oversending av vårt tilsvaer.»

### **Røysting**

Lingjerde sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet ved Inger Lingjerde vil utarbeide forslag til uttale og sende det på mail til gjennomlesing og eventuelt kommentar før oversending av vårt tilsvaer

## **PS 60/18 Eldrerådskonferansen 2018 - evaluering**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette på vegner av fylkeseldrerådet fram slikt forslag:

«Det gis ei skriftleg tilbakemelding til hotellet ut frå tilbakemelding og diskusjon i rådet.»

### **Røysting**

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Det gis ei skriftleg tilbakemelding til hotellet ut frå tilbakemelding og diskusjon i rådet.

## **PS 61/18 Vestlandskonferansen 2019 - idear til program**

### **Forslag til vedtak**

Medlemmane i fylkeseldrerådet vil kome med idear til program for Vestlandskonferansen 2019.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

Saka blei diskutert utan at det blei fatta vedtak i saka.



## **PS 62/18 Eldrerådskonferansen 2019 - konferansen for dei kommunale eldreråda - byrje planlegging av konferansen**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til fleire tema for eldrerådskonferansen 2018.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette på vegner av fylkeseldrerådet fram slikt forslag:

«Eldrerådskonferansen 2019 leggjast til tysdag 5. november til onsdag 6. november. Det undersøkjast om hotell Terminus er ledig, eventuelt Scandic Ørnen. Sekretariatet undersøkjer om Hotell Norge kan brukast».

### **Røysting**

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Eldrerådskonferansen 2019 leggjast til tysdag 5. november til onsdag 6. november. Det undersøkjast om hotell Terminus er ledig, eventuelt Scandic Ørnen. Sekretariatet undersøkjer om Hotell Norge kan brukast.

## **PS 63/18 Høring - etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombud**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil gje høringsuttale til saka: Etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombud mm.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte 04.12.18.»

### **Røysting**

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte 04.12.18.

## **PS 64/18 Oppklaring av oppnemning av representantar til brukarutvalet i Helse Fonna**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.11.2018**

**Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV)** sette på vegner av fylkeseldrerådet fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet vil be fylkesrådmann melde frå om at det er feil betegnelse på kven som skal oppnemna representant til Brukarutvalet Helse Fonna. Det står pensjonistpartiet, men skal vere pensjonistforbundet».

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette på vegner av fylkeseldrerådet fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet ved fungerande leiar sender brev til Pensjonistforbundet i Hordaland kor ein ber om at dei støttar Fylkeseldrerådet i Hordaland sitt forslag om at Synnøve Solbakken frå Kvinnherad på nytt oppnemnast som medlem av Brukerutvalet i Helse Fonna.»

### **Røysting**

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vil be fylkesrådmann melde frå om at det er feil betegnelse på kven som skal oppnemna representant til Brukarutvalet Helse Fonna. Det står pensjonistpartiet, men skal vere pensjonistforbundet.

Fylkeseldrerådet ved fungerande leiar sender brev til Pensjonistforbundet i Hordaland kor ein ber om at dei støttar fylkeseldrerådet i Hordaland sitt forslag om at Synnøve Solbakken frå Kvinnherad på nytt oppnemnast som medlem av Brukerutvalet i Helse Fonna.

**PS 67/18 Godkjenning av sakliste**

**PS 68/18 Referatsak (meldingar)**

**Notat**

Dato: 20.11.2018  
Arkivsak: 2018/16480-13  
Saksbehandlar: sillyng

---

**Til:** Fylkeseldrerådet i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

**Svar frå SKYSS - ruteendringar hausten 2018**

Fylkeseldrerådet sendte brev til Skyss 19. september 2018 om ruteendringar hausten 2018. Vedlagt er brev som blei sendt og svar frå SKYSS.

## Vedlegg

- 1 Svar frå SKYSS - ruteendringar hausten 2018
- 2 Brev til SKYSS frå Fylkeseldrerådet



Fylkeseldrerådet i Hordaland

Att. Merethe Helland Nordnæs



Vår ref.: 2017/16712-63

Dykkar ref.:

Bergen, 30.10.2018

## Ruteendringar hausten 2018

Viser til brev av 19. september 2019 med innspel knytt til ruteendringar i Nordhordland og ønskje om orientering frå Skyss.

Det er i hovudsak i samband med inngåing av nye kontraktar at Skyss som oppdragsgjevar har handlingsrom til å gjere omfattande endringar i rutetilbodet. Hausten 2018 var det oppstart av ny kontrakt for busskøyning i Nordhordland. I denne samanhengen blei busstilbodet i Nordhordland og mellom Nordhordland og Bergen lagt om, i tråd med føringar gitt i Trafikkplan Nordhordland, som blei vedtatt av fylkesutvalet 16.11.2016. Trafikkplan Nordhordland er tilgjengeleg her: [www.skyss.no/rapportar](http://www.skyss.no/rapportar).

Skyss har også høve til å gjere endringar og justeringar i inneverande kontraktar. Skyss ønskjer å gjere kollektivtilbodet mest mogleg føreseieleg for dei reisande, med eit fast endringstidspunkt kvart år. I Hordaland skjer dei årlege endringane ved oppstart av haustrutene i august.

For å kome i møte fylkeseldrerådet sitt ønskje om meir informasjon foreslår Skyss at det etablerast ein praksis der Skyss stiller i møte med fylkeseldrerådet for å orientere om relevante saker og ruteendringar ein gong årleg.

Gje oss ei tilbakemelding om dette høyrast ut som ei tenleg løysing.

Med vennleg helsing,  
Målfrid Vik Sønstabø  
Kst. direktør

Gudrun Einbu  
konst. Leiar avdeling trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Skyss

Dato: 19.09.2018  
Vår ref.: 2017/2682-137  
Saksbehandlar: mernord  
Dykkar ref.:

## Ruteendringar hausten 2018

Fylkeseldrerådet syner til at det er gjort ruteendringar i kollektivsambandet i Hordaland, t.d. i Nordhordlandrutene, utan at SKYSS har gjort Fylkeseldrerådet kjent med forslaga til ruteendringar.

*Fylkeseldrerådet vil be om at SKYSS i god tid før framtidige ruteendringar trer i kraft, legg fram forslag om endringar for Fylkeseldrerådet.*

Venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar Fylkeseldrerådet  
for Kåre Ystanes, leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Notat**

Dato: 20.11.2018  
Arkivsak: 2018/16480-14  
Saksbehandlar: sillyng

---

**Til:** Fylkeseldrerådet i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

**Til orientering: Brev sendt frå Fylkeseldrerådet etter møte 08.11.2018**

Vedlagt er breva som blei sendt for fylkeseldrerådet i Hordaland etter sist rådsmøte 08.11.2018

## Vedlegg

- 1 Brev til fylkesrådmann i Hordaland
- 2 Brev til Hotell Neptun
- 3 Brev til pensjonistforbundet i Hordaland



Fylkesrådmannen  
Hordaland Fylke  
5020 Bergen

Dato: 12.11.2018  
Vår ref.: 2018/16480-2  
Saksbehandlar: sillyng  
Dykkar ref.:

## Tilbakemelding til Helse Fonna Sak PS 64/18 i Fylkeseldrerådet sitt møte den 8/11-2018

I Fylkeseldrerådet sitt møte den 8/11-2018 fekk rådet i sak PS 64/18 lagt fram brev frå Helse Fonna, datert 14/10-2018, der dei meldte at det ikkje var Fylkeseldrerådet som skulle nominera til val på representantar i brukarutvalet i Helse Fonna, men Pensjonistpartiet.

Her brukar Helse Fonna feil nemning på den instansen som skal nominera. Det rette er Pensjonistforbundet.

Fylkeseldrerådet ber Fylkesrådmannen melde frå til Helse Fonna om at det er brukt feil nemning i brevet.

Venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar Fylkeseldrerådet  
for Kåre Ystanes, leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





Hotell Neptun  
v/Karin Haugland  
Valkendorfsgt. 8  
5012 Bergen

Dato: 12.11.2018  
Vår ref.: 2018/16480-3  
Saksbehandlar: sillyng  
Dykkar ref.:

## Tilbakemelding etter eldrerådskonferansen 6.-7. november 2018

Fylkeseldrerådet i Hordaland, som arrangør av Eldrerådskonferansen 2018, ønsker å gi en tilbakemelding til hotellet etter konferansen.

Vi ba deltakerne svare på et evalueringsskjema, og vi fikk inn svar fra 81% av deltakerne.

Noen av spørsmålene gjaldt hotellet. Det er hyggelig for oss å melde tilbake at det ble gitt ros til personalet for god service, smil og imøtekommenhet. Likeledes var det meget stor tilfredshet med maten. Det ble brukt ord som "topp" og "helt nydelig".

Dess verre må vi også melde tilbake at det tekniske i møtesalen ikke var etter forventning. Særlig var det en stor ulempe for flere deltakere at teleslyngen ikke fungerte og at lyden i lydanlegget var dårlig. Når det gjelder teleslynge og god kvalitet på lydanlegget ble det bemerket at det jo ikke bare er eldre som kan ha nedsatt hørsel.

Det ble også nevnt fra deltakerne at de som satt bak i salen, ikke kunne se hele skjermen under presentasjonene.

Som arrangør vil vi takke for god kontakt underveis og imøtekommenhet under avviklingen av konferansen.

Venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar Fylkeseldrerådet  
for Kåre Ystanes, leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





Pensjonistforbundet i Hordaland  
v/leiar Atle Bjarne Lerøy  
Rasmus Meyers Allé 5  
5015 Bergen

Dato: 12.11.2018  
Vår ref.: 2018/16480-1  
Saksbehandlar: sillyng  
Dykkar ref.:

## **Sak: Nominasjon til Brukerutvalet i Helse Fonna**

Fylkeseldrerådet i Hordaland fekk tidlegare i haust brev frå Helse Fonna om å oppnemna medlem til Brukarutvalet i Helse Fonna med frist 15. oktober 2018. I møte den 27.09.2018 vedtok Fylkeseldrerådet einstemmig å oppnemna Synnøve Solbakken på ny. Men den 14.10.2016 mottok Fylkesrådmannen i Hordaland melding frå Helse Fonna om at Fylkeseldrerådet ved ein feil var blitt spurt om å oppnemna medlem til Brukarutvalet i Helse Fonna.

Fylkeseldrerådet meiner at Synnøve Solbakken, som sit i utvalet i denne perioden, er ein god brukarrepresentant i Helse Fonna, og rådet vedtok einstemmig i møte den 8/11-2018 å senda eit brev til Hordaland Pensjonistforbund ved leiar om å oppnemne Synnøve Solbakken som medlem av Brukarutvalet i Helse Fonna.

### *Synnøve Solbakken sine kvalifikasjonar:*

Synnøve Solbakken er 61 år og er frå Kvinnherad. Ho har arbeidd som hjelpepleiar ved Valen Sjukehus sidan 1981 med unnatak for åra 2007-2015 då ho var ordførar i Kvinnherad og hadde permisjon frå sjukehuset. Ho har vore hovudtillitsvald ved Valen Sjukehus, Helse Fonna, og er medlem i Helse Fonna sitt styre.

Synnøve Solbakken er politisk aktiv og sit i dag Hordaland Fylkesting, Fylkesutval, Fylkeseldreråd, Brukarutvalet i Helse Fonna, Trafikksikringsutval, Kvinnherad kommunestyre, og er leiar i kontrollutvalet.

*Fylkeseldrerådet vonar at Hordaland Pensjonistforbund vil oppnemne Synnøve Solbakken som medlem i Helse Fonna sitt Brukarutval.*

Venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar Fylkeseldrerådet  
for Kåre Ystanes, leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Notat**

Dato: 21.11.2018  
Arkivsak: 2018/16480-16  
Saksbehandlar: sillyng

---

**Til:** Fylkeseldrerådet i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

### **Prolongering av fylkeseldrerådet sine representantar i brukerutvalet ved Haraldsplass Diakonale sjukehus**

Haraldsplass Diakonale Sjukehus sitt brukarutval skal ivareta pasientar og pårørende sine interesser, og bidra konstruktivt til å betre tenestene på sjukehuset. Vidare er brukerutvalet eit rådgjevande organ for administrerande direktør og styret ved sjukehuset i brukarrelaterte spørsmål.

Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) skal no oppnemne nye representantar til brukerutvalet ved sjukehuset. For å få kontinuitet i utvalet er Fylkeseldrerådet, saman med Kreftforeninga og Nasjonalforeninga for folkehelse bedt om å prolongere dagens representantar i brukerutvalaet fram til 2020.

Nestleiar Gunda Falao Sparre er fylkeseldrerådet sin representant medan Odd Hime er rådets vararepresentant. Begge har bekrefta sitt vidare representantskap.

**Notat**Dato: 01.10.2018  
Arkivsak: 2018/14533-1  
Saksbehandlar: sillyng**Meldingssak om innhald i møteprotokoll frå fylkessekretariatet**

Fylkessekretariatet har i dei siste åra forsøkt å forenkla og forbetre møteprotokollen til det beste for både politikarane og administrasjon. Ein har særleg ønskja å forbetre prosessen rundt spørsmålsinstituttet slik at det kan leggjast til rette for at politikarane kan nytte sin politiske innflytelse i størst mogeleg grad. Gjennom erfaring og praksis har Fylkessekretariatet opplevd at løysinga slik den er i fylkestinget er ei god tilnærming, og som også politikarane er nøgd med. Dette inneber at politikarane får mogelegheit til å sende inn spørsmål på førehand innan ein gitt tidsfrist og at ein da vil få skriftleg svar på spørsmåla.

I samråd med fylkesrådmann og fylkesordførar i Hordaland Fylkeskommune er det på denne bakgrunn bestemt at spørsmål som politikarane ønskjer skriftlig svar på i dei faste utvala, må komme inn skriftleg til folkevalde.no **innan kl. 09:00 seinast to dagar** før møtet. Spørsmåla vil da bli publisert på e-politiker med svar på same måte som i fylkestinget i dag. Spørsmål som kjem **etter** fristen vil måtte stillast munnleg i møtet og vil bli svart ut munnleg underveis i møtet. Alternativt kan ein heller få spørsmålet svart ut skriftleg til neste møte. Spørsmåla vil bli protokollert etter referatsakane i protokollen.

Når spørsmåla er svart ut vil dei bli publisert på hordaland.no under eit eige meny punkt under politikk – saker, saksgang, politisk møte. Spørsmåla med svar vil bli gruppert etter utval og dato slik at det skal vere enkelt å finne igjen. I tillegg vil ein finne igjen spørsmåla og svara i møteprotokollen når denne blir publisert.

Fylkessekretariatet har på denne bakgrunn laga ei oversikt over kva møteprotokollen inneheld.

Møteprotokollen skal i utgangspunktet vere ei oversikt av kva som blei gjort i møte og har som formål å gjere det enkelt for politikarane (og allmenneiga) og finne igjen kva som blei vedteke samt finne fram til eigne forslag og korleis det blei røysta. Møteprotokoll er såleis ikkje eit referat og skal i utgangspunktet ikkje innehalde meir enn det som er naudsynt for å sjå resultatet av ei sakshandsaming.

**Kva møteprotokollen inneheld:**

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

- Merknadar om feil eller manglar vil protokollerast. Dersom ei referatsak blir vedteke satt på sakskartet for realitetsbehandling, så vil det protokollerast her.

Godkjenning av møtebok førre møte

- Merknadar om feil eller manglar vil protokollerast

Referatsaker

- Møteprotokollen vil stadfeste at referatsakane «vart referert» utan noko ytterlege merknader.

Spørsmål

- Skriftlege spørsmål med svar innmeldt til folkevalde.no innan kl. 09:00 seinast 2 dagar før møtet vil bli protokollert.

#### Politiske saker til behandling

- Fylkesrådmann sitt forslag
- Innstillingar frå underutval
- Habilitetsvurdering: Vurdering av habilitet vil bli protokollert under den saka det gjeld.
- Forslag (alternativ, tillegg, endring). Forslaga bør alltid leverast skriftleg
- Oversendingsforslag knytt til saka som er under behandling
- Kven som røysta på kva
- Om det er vedtak eller innstilling
- Sjølvve vedtaket eller innstillinga
- Protokollmerknadar (røysteforklaring)

#### Ymse

- Oversendingsforslag. Bør leverast skriftleg
- Prisutdelingar
- Fråsegn
- Orienteringar

**PS 69/18 Ymse**



Arkivnr: 2018/16480-17

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	70/18	04.12.2018

## Uttale til sak om "Handlingsprogram til 2019-2020. Kollektivstrategi for Hordaland"

### Samandrag

Den 22.11.2018 gjekk det ut ei pressemelding frå Hordaland Fylkeskommune kor det blei annonsert at administrasjonen i Hordaland Fylkeskommune og Bergen kommune har gått i dialog for å vurdere eit tettare samarbeid om kollektivtrafikken i Bergensområdet. Bakgrunn er eit felles ønske om å sikre betre samordning og styrke tilbodet til dei reisande.

Vidare prosess er i første omgang behandling i dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune. Det er meldt opp ei politisk sak om handlingsprogram 2019-2022 som skal behandlast i utval for miljø og samferdsel 28.11, fylkesutvalet 06.12 og fylkestinget 11.12.

Saka «Handlingprogram 2019-2020. Kollektivstrategi for Hordland» gjer greie for planar for utvikling av linjenett og rutetilbod mellom anna knytt til utbygging av Bybanen og nye kollektivanbod. Handlingsprogrammet gir også oversikt over korleis ein vil arbeide vidare med betre informasjon til dei reisande, enklare billetter og betalingsløyisingar, auka kunnskap om rutetilbodet og å gjere kollektivsystemet meir synleg.

Fylkeseldrerådet vert bedne om å sjå over saka og ta stilling til om ein ønskjer å kome med ei uttale. Ettersom fylkeseldrerådet ikkje har rådsmøte før 04.12.18 er fristen for å melde ei eventuell uttale opp til fylkesutvalet 06.12 utgått. Alternativet er at ein skriv ei uttale som ein sender på e-post til utvalsmedlemmane i fylkesutvalet. Fylkessekretariatet vil vere behjelpeleg med å sende ut e-post.

### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet sender ei uttale om saka på e-post til utvalsmedlemmane i fylkesutvalet innan 06.12.18.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/278-63  
Saksbehandlar: Stine Karoline Olsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.11.2018
Fylkesutvalet		21.11.2018
Fylkestinget		11.12.2018

**Handlingsprogram 2019-2022. Kollektivstrategi for Hordaland****Samandrag**

Fylkesrådmannen legg med dette fram handlingsprogram for 2019 – 2022 for oppfølging av Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet gjer greie for planar for utvikling av linjenett og rutetilbod mellom anna knytt til utbygging av Bybanen og nye kollektivanbod. Handlingsprogrammet gir også oversikt over korleis ein vil arbeide vidare med betre informasjon til dei reisande, enklare billetter og betalingsløysingar, auka kunnskap om rutetilbodet og å gjere kollektivsystemet meir synleg. Tiltak og prioriteringar for meir miljøvenleg drift av kollektivtrafikken er også del av handlingsprogrammet.

Ei endring frå tidlegare handlingsprogram for kollektivstrategien er at infrastrukturiltaka for kollektivtrafikken no vert inkludert som ein del av dette handlingsprogrammet. Handlingsprogram for kollektivstrategien vil såleis fungere som grunnlag for rullering av handlingsprogram for Miljøløftet. Dei konkrete tiltaka som vert føreslått går fram av vedlegg til handlingsprogrammet.

Kostnadsveksten knytt til drift av kollektivtransporten er og vil vere utfordrande i åra framover. Det gjeld både auka kostnader knytt til tilbudsutvikling og ambisjonane knytt til nullvekstmålet, samt fleire komande anbudsutlysingar og moglege kostnadar knytt til miljøkrav. Per oktober 2018 er det ikkje finansiering til auka ruteproduksjon på nokon av transportområda. I tråd med nyleg fatta vedtak i fylkesutvalet (PS 260/2018) vert det lagt opp til bruk av biogass i nye anbod i Bergen nord, Bergen sentrum og Osterøy. Det vil også bli elektrifisering av ti linjer i Bergen sentrum i tillegg til utviding av trolleylinja. Gjennomføringsevna for prioriteringane og tiltaka i handlingsprogrammet vil avhenge av dei økonomiske rammene for kollektivdrifta. Skal ein lykkast med å nå måla som er satt for kollektivtransporten vil det vere avgjerande å ha føreseielege økonomiske rammer til drift.

Fylkesrådmannen meiner handlingsprogrammet gir ei god oversikt over samla innsats på kollektivområdet, og viser at vedteken kollektivstrategi blir følgt opp med konkrete tiltak. Handlingsprogrammet gir også eit godt grunnlag for prioritering av fysiske tiltak i kollektivtrafikken sin infrastruktur. For å sikre kollektivtrafikken sin konkurransekraft er det viktig at framkomstiltak for kollektivtrafikken vert prioritert i komande rulleringar av handlingsprogrammet for miljøløftet.

**Økonomi:** Saka omhandlar ikkje endringar i vedteken budsjett.

**Klima:** Saka omhandlar ei rekkje tiltak som vil redusere klimapåverknaden frå persontransport.

**Folkehelse:** Saka er ei statusoppfølging av tiltak som vil ha positiv innverknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Kopling til Klimaplan for Hordaland, Regional transportplan, Kollektivstrategi for Hordaland, Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2019-2022 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Fylkestinget sluttar seg til at handlingsprogrammet gir eit godt grunnlag for prioritering av fysiske tiltak i kollektivtrafikken sin infrastruktur, og ber om at infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken vert prioritert i komande rullering av handlingsprogrammet for Miljøløftet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør Samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Handlingsprogram 2019-2022. Kollektivstrategi for Hordaland

## Fylkesrådmannen, 24.10.2018

### Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege kollektivtransporten i heile fylket. Det er eit samfunnsoppdrag av stor verdi for innbyggjarane, og som grip inn i kvardagen til mange. I juni 2014 vart strategien for langsiktig utvikling av kollektivtrafikken vedteke av fylkestinget (sak 30/2014). Det vart i same sak vedteke at kollektivstrategien skal bli følgt opp av eit handlingsprogram med fireårsperspektiv.

Det er lagt opp til årleg rullering av handlingsprogrammet, med politisk handsaming i fylkestinget i desember. Fylkesrådmannen legg med denne saka fram rullert handlingsprogram for oppfølging av kollektivstrategien i perioden 2019 – 2022.

Byvekstavtalen vil vere avgjerande finansieringskjelde for gjennomføring av store delar av tiltaka i handlingsprogrammet for 2019-2022. Det gjeld både styrking av rutetilbodet og innføring av miljøtiltak for buss i Bergensområdet. Oppfølginga av avtalen skjer gjennom fireårig handlingsprogram for Miljøløftet, som vert lagt fram i fylkestinget i desember.

### Føremål med for handlingsprogram kollektiv

Føremålet med handlingsprogram kollektiv er å følgje opp og sikre gjennomføring av vedtekne strategiar. Handlingsprogrammet peiker på hovudinnsatsområder og større oppgåver fylkeskommunen vil prioritere dei neste åra – innanfor dei aktuelle økonomiske rammene. Med handlingsprogram kollektiv ønskjer ein å gje ei samla oversikt over innsats på kollektivområdet i fylkeskommunal regi. Det er eit mål å oppnå god samanheng mellom oppfølginga av strategiane for kollektivtilbodet, på tvers av einingar i fylkeskommunen.

Kollektivstrategien peiker og på innsatsområde der fylkeskommunen ikkje aleine rår over verkemidla. Dette gjeld særleg tiltak knytt til infrastruktur og framkomst for kollektivtrafikken. Ei endring frå tidlegare handlingsprogram for kollektivstrategien er at infrastrukturtiltaka for kollektivtrafikken no vert inkludert som ein del av dette handlingsprogrammet. Handlingsprogram for kollektivstrategien vil såleis fungere som grunnlag for rullering av handlingsprogram for Miljøløftet. Dei konkrete tiltaka som vert føreslått går fram av vedlegg til handlingsprogrammet.

Når det gjeld innfartsparkering, så er det vedteke ein eigen handlingsplan for dette, og fylkesrådmannen vil kome attende til statusrapportering for handlingsplanen for innfartsparkering.

Skyss har ansvaret for å utarbeide handlingsprogrammet på vegne av fylkeskommunen.

### Prioriteringar og tiltak i perioden 2019 – 2022

Prioriteringane i handlingsprogrammet er bygd opp rundt dei fire hovudtemaa i kollektivstrategien;

- Best tilbod der flest reiser
- Enkle reiser
- Effektive reiser
- Miljøvenleg drift

Tabellane under oppsummerer på overordna nivå prioriteringar og tiltak på dei ulike områda.

### **Best tilbod der flest reiser**

Kollektivstrategi for Hordaland slår fast at målet er å gje eit best mogleg kollektivtilbod til flest mogleg av innbyggjarane i Hordaland, innanfor våre økonomiske rammer. Det gjer vi ved å tilpasse kollektivtilbodet til dei store reisetraumane i fylket. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2010 – 2022:

Strategiar for best tilbod der flest reiser	Prioriteringar og tiltak 2019-2022
Styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane	Utvikle og styrke kollektivtilbodet i Bergen
Vidareutvikle stamlinjene i Bergen	Førebu endringar i rutetilbodet knytt til nye bussanbod
Utvikle regionale stamlinjer i Bergensområdet	Omlegging til regionstamlinjer mellom regionsentra Straume og Os.
Knyte regionane i fylket saman	Styrke planleggingsgrunnlaget mellom anna med betre verktøy for analyse av passasjertal og køyretider
Tilby eit samanhengande grunntilbod i heile fylket	Planlegge framtidig kollektivnett buss/bane i planlegging av nye byggjetrinn for Bybanen
Samordne offentleg transport i tynt befolka område	Førebu nye anbod for bybåtsambanda, planlegge for auka kapasitet på begge og miljøløysing på sambandet Kleppetø - Strandkaiaen
Utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett	Vidareutvikle forvaltninga av skuleskyss, mellom anna gjennom betre samhandling med kommunar og skular

### Enkle reiser

Eit av dei overordna måla i kollektivstrategien er at kollektivtrafikken skal vere eit enkelt og attraktivt reiseval. Den reisande skal møte eit tilbod som er lett å bruke og som held høg kvalitet i heile reisekjeda – dette er heilt sentralt for å få fleire reisande. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2019 – 2022:

Strategiar for enkle reiser	Prioriteringar og tiltak 2019-2022
Gjere det enkelt å finne relevant informasjon	Utvikle løysingar for digitalisering og datainfrastruktur som sikrar god flyt av data og informasjon mot kundane og mot ulike aktørar i mobilitetsmarknaden
Gjere det enkelt å velje riktig billett og betale for denne	Legge til rette for digital informasjon til dei reisande i egne og andre sine kanalar
Auke kunnskapen om kollektivreiser	Legge til rette for og ta i bruk nye betalingsløysingar og salskanalar
Gjere kollektivtrafikken synleg	Utarbeide skreddarsydde løysingar for informasjon til tilsette ved store arbeidsplassar
Heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar	Oppgradere haldeplassar og informasjon i Bergen sentrum og på knutepunkt og terminalar utanfor Bergen

### Effektive reiser

Kollektivreiser skal vere eit reelt alternativ til bilen, også når det gjeld reisetid. Dette målet er slått fast i kollektivstrategien. Rask og forutsigbar framføring av bussane er ein føresetnad for å levere eit godt tilbod til dei reisande. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2019 – 2022:

Strategiar for effektive reiser	Prioriteringar og tiltak 2019-2022
Minimere stoppetid på haldeplass	Planlegge for vidare bybaneutbygging og eit samla kollektivnett for buss og bane mot vest og nord
Infrastrukturiltak som får bussen fram	Gjennomføre tiltakspakkar for betre framkomst for fleire av bystamlinjene og dei viktigaste bylinjene
Restriktive tiltak for biltrafikken	Etablere planlagde kollektivfelt/sambruksfelt og planlegge for realisering av fleire aktuelle trasear
Kollektivorientert byutvikling	Gjennomføre planlagde oppgraderingar av terminalar, knutepunkt, haldeplassar og endehaldeplassar i og utanfor Bergen
	Følgje opp strategi for innfartsparkering, koordinert med utbygging av Bybanen, innfartsparkering for sykkel på alle store kollektivknutepunkt
	Utarbeide strategi for bussenlegg.
	Styrke fylkeskommunen si rolle som høyringsinstans for areal- og transport, og å starte eit opplegg for kompetanseheving for fagmiljøa

### Miljøvenleg drift

Kollektivstrategi for Hordaland, Miljøstrategi for Skyss slår fast at kollektivtrafikken sitt viktigaste klima- og miljøbidrag er å ta trafikkveksten. Det er også mål om meir miljøvenleg drift, og framover vil det vere krevjande å balansere ressursbruk mellom auka kapasitet/kvalitet i tilbodet og meir miljøvenleg teknologi.

Temaplan for låg- og nullutsleppsteknologi for bussane i Hordaland følger opp kollektivstrategien med eit tydeleg ambisjonsnivå for lågare lokale og globale utslepp, basert på vurdering av moglegheitene for innføring av ny teknologi. Handlingsprogrammet viser følgjande prioriteringar på dette området i perioden 2019 – 2022:

Strategiar for miljøvenleg drift	Prioriteringar og tiltak 2019-2022
Sikre låge utslepp frå busstrafikken	Oppfølging av tiltak frå temaplan for låg- og nullutslepp gjennom nye kontraktar i Bergensområdet
Redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken	Bygging og oppstart av drift av trolleylinja gjennom sentrum og mot Laksevåg
Vere pådrivar for forskning og	Etablere ladeinfrastruktur og førebu oppstart av nye kontraktar med miljøvenlege løysingar for fylkesvegferjer

### Fylkesrådmannen si vurdering

Handlingsprogrammet gir ei god oversikt over samla innsats på kollektivområdet, og viser at vedteken kollektivstrategi blir følgt opp med konkrete tiltak.

Kostnadsveksten knytt til drift av kollektivtransporten er og vil vere utfordrande i åra framover. Det gjeld både auka kostnader knytt til tilbudsutvikling og ambisjonane knytt til nullvekstmålet, samt fleire komande anbudsutlysingar og moglege kostnadar knytt til miljøkrav. Per oktober 2018 er det ikkje finansiering til auka ruteproduksjon på nokon av transportområda. I tråd med nyleg fatta vedtak i fylkesutvalet (PS 260/2018) vert det lagt opp til bruk av biogass i nye anbod i Bergen nord, Bergen sentrum og Osterøy. Det vil også bli elektrifisering av ti linjer i Bergen sentrum i tillegg til utviding av trolleylinja. Gjennomføringsevna for prioriteringane og tiltaka i handlingsprogrammet vil avhenge av dei økonomiske rammene for kollektivdrifta. Skal ein lykkast med å nå måla som er satt for kollektivtransporten vil det vere avgjerande å ha føreseielege økonomiske rammer til drift.

I inneverande byvekstavtale for Bergen inngår ei årleg ramme på 200 millioner kroner prioritert til drift av kollektivtenester. Dette er midlar som i all hovudsak er bunde opp i drift av tiltak som allereie er sett i verk, og gir såleis ikkje rom for nye tiltak.

For samordning av planar og prioriteringar, og gjennomføring av tiltak i Bergensområdet er det behov for auka samhandling med Bergen kommune.

Fylkesrådmannen vil peike på at handlingsprogrammet for kollektivstrategien er meint å fungere som grunnlag for vidare arbeid med kollektivinfrastrukturtiltak i handlingsprogram Miljøløftet. Sentralt blant infrastrukturtiltaka står framkomsttiltaka, som er tett kopla til både konkurransekraft for kollektivtrafikken og driftsøkonomi.

Fylkesrådmannen vil vise til handlingsprogrammet for Miljøløftet og investeringsprogrammet for fylkesvegnettet for nærare prioritering mellom dei fysiske tiltaka i kollektivtrafikken.



Arkivnr: 2018/16480-15

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	71/18	04.12.2018

### Uttale i sak om "Justering av tilbudsstrukturen 2019/20 (klassesaka)"

#### Samandrag

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har gjort framlegg om endringar i tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for skuleåret 2019/20. Saka dannar grunnlag for kva tilbod som skal vere råd å søke i Vigo for komande skuleår. I mai 2019 vil fylkesrådmann legge fram ei sak med justeringar i tilbudsstrukturen (justeringssaka) for å få betre balanse mellom søkemønster og tilbudsstruktur.

Saka har relevans for fylkeseldrerådet fordi den seier noko om utdanninga til helsearbeidarar og som vil påverke tilgangen på pleiepersonell i eldreomsorga. Saka skal opp i utval for opplæring og helse 27.11.18 og fylkesutvalet 06.12.18. Saksframlegget ligg vedlagt i denne saka.

Fylkeseldrerådet vert bedne om å sjå over saka og ta stilling til om ein ønskjer å kome med ei uttale. Ettersom fylkeseldrerådet ikkje har rådsmøte før 04.12.18 er fristen for å melde ei eventuell uttale opp til fylkesutvalet 06.12 utgått. Alternativet er at ein skriv ei uttale som ein sender på e-post til utvalsmedlemmane i fylkesutvalet. Fylkessekretariatet vil vere behjelpeleg med å sende ut e-post.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet sender ei uttale om saka på e-post til utvalsmedlemmane i fylkesutvalet innan 06.12.18.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Saksframlegg "Justering av tilbudsstrukturen 2019/20"



Arkivnr: 2018/16397-1  
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		20.11.2018
Utval for opplæring og helse		27.11.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018

### Justering av tilbudsstrukturen 2019/20 (klassesaka)

#### Samandrag

I denne saka blir det gjort framlegg om endringar i tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for skuleåret 2019/20. Saka dannar grunnlag for kva tilbod som skal vere råd å søke i Vigo for komande skuleår. I mai 2019 vil fylkesrådmannen legge fram ei sak med justeringar i tilbudsstrukturen (justeringsaksa) for å få betre balanse mellom søkemønster og tilbudsstruktur.

Hausten 2018 er det 791 klassar ved dei vidaregåande skulane i HFK. Av desse er 22 halve. Totalt 123 klassar (eks. TAF) har mindre enn 85 % oppfylling.

Tilgang på læreplassar er avgjerande for at elevar skal få fullført det opplæringsløpet dei har begynt på. I 2017 såg vi klare tendensar på at oljerelaterte verksemder begynte å få arbeid i bøkene sine igjen. Dette har forsterka seg i løpet av 2018. I Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er eitt av hovudprinsippa at arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft skal vere styrande for dimensjonering av utdanningstilboda. Eitt av tiltaka i planen er at det skal utviklast lokale nettverk mellom skule(ar) og arbeidsliv, og dette er i tråd med bestillinga frå nasjonalt hald om utvikling av lokal samfunnskontrakt. Dette arbeidet er starta, og fylkeskommunen vil bruke prosjektet med yrkesfagkoordinatorar i utviklinga av dette.

Som vedlegg til saka ligg ei oversikt over kva tilbod den enkelte skule har inneverande skuleår, jf. sist elevteljing medio september.

**Økonomi:** I denne saka blir det oppretta 13 klassar. Framlegg til budsjett for 2019 legg til grunn at klassetalet skuleåret 2019/20 vert redusert med mellom 5 og 10 klassar i inneverande skuleår. Med dette som utgangspunkt vil det vere trong for å leggje ned mellom 18 og 23 klassar i justeringsaksa våren 2019.

**Klima:** Ingen effekt.

**Folkehelse:** Ingen effekt.

**Regional planstrategi:** Tiltak i saka er i tråd med vedtak i skulebruksplanen og regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til følgjande tilbudsstruktur for skuleåret 2019/2020:



## 1. Tilbudet på RM blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fusa vgs	Vg1 RM TAF	1	5
<b>Netto endring</b>		<b>1</b>	<b>5</b>

## 2. Tilbudet på SS blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvinnherad vgs	Vg2 Sal, service og tryggleik	1	15
Voss gymnas	Vg2 Reiseliv	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>2</b>	<b>30</b>

## 3. Tilbudet på BA blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Odda vgs	Vg1 BA	1	15
Odda vgs	Vg2 Byggingteknikk	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## 4. Tilbudet på TIP blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvam vgs	Vg2 Industriteknologi	1	15
Kvinnherad vgs	Vg2 Kjemioprosess	1	15
Åsane vgs	Vg2 Industriteknologi	1	15
Laksevåg vgs	Vg2 Industriteknologi	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>4</b>	<b>60</b>

## 5. Tilbudet på EL blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Askøy vgs	Vg2 Data og elektronikk	1	15
Stord vgs	Vg1 EL m/ST	1	15
Stord vgs	Vg2 Elenergi	-1	-15
Årstad vgs	Vg2 Elenergi	-2	-30
Årstad vgs	Vg1 EL	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

6. Tilbudet på HO blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvam vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	0,5	7,5
Kvam vgs	Vg2 Helsearbeidarfag	-0,5	-7,5
Olsvikåsen vgs	Vg2 HO m/ST - Helsearbeidarfag	1	15
Olsvikåsen vgs	Vg2 HO m/ST - Barne- og ungdomsarbeidarfaget	1	15
Osterøy vgs	Vg2 Helsearbeidarfag	1	15
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Studieførebuande HO	1	30
Knarvik vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>5</b>	<b>90</b>

7. Tilbudet på DH blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>1</b>	<b>15</b>

8. Tilbudet på ME blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Stord vgs	Vg2 ME	1	30
Stord vgs	Vg3 ME	-1	-30
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

9. Tilbudet på KDA blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss gymnas	Vg2 KDA	1	30
Voss gymnas	Vg3 KDA	-1	-30
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

10. Tilbudet på ST blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Austevoll vgs	Vg1 ST	1	30
<b>Netto endring</b>		<b>1</b>	<b>30</b>

11. Tilbudet på innføringstilbud for minoritetsspråklege elevar blir endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen Katedralskole	Vg2 Studiespes. for min.språklege	-1	-15
<b>Netto endring</b>		-1	-15

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Oversikt skulevise tilbud

**Fylkesrådmannen, 07.11.2018**

I denne saka blir det gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for skuleåret 2019/20. Saka dannar grunnlag for kva tilbod som skal vere råd å søke i Vigo for komande skuleår. I mai 2019 vil fylkesrådmannen legge fram ei sak med justeringar i tilbodsstrukturen (justeringssaka) for å få betre balanse mellom søkemønster og tilbodsstruktur.

**Endring i søkartal til Vg1 – elevtalsprognose**

Vg1 2018/19	Vg1 2019/20	Vg1 2020/21 <sup>1</sup>
6140	6137	6325

Hausten 2019 er det ungdom fødd i 2003 som skal begynne i vidaregåande skule. Tal frå GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem) viser at årskullet er på 6137 elevar. Inneverande skuleår er det om lag 200 elevar i innføringstilbod, og dei fleste av desse begynner i Vg1 neste skuleår. Om lag 1150 har hatt eit opphald, er vaksne eller gjer omval til Vg1. Elevar i Etne og Sveio kommunar vel i hovudsak skuletilbod i Rogaland, medan elevar frå Gulen, Solund og Hyllestad kommunar kan velje å gå på skule i Hordaland. Samla effekt på elevtalet er kjøp av om lag 100 elevplassar. Dei private skulane har kapasitet til å ta imot om lag 1000 elevar på Vg1. Erfaring viser at desse plassane blir fylt opp.

<b>Søkargrunnlag til Vg1 hausten 2019</b>	
Avgangskull ungdomsskulen	6137
Elevar i innføringstilbod	200
Elevar som gjer omval, har hatt opphald eller er vaksne	1150
Gjesteelevar netto kjøp	-100
Elevtal Vg1 i private skular	-1000
<b>Venta elevmasse Vg1</b>	<b>6387</b>

Vi kan forvente at om lag 6400 ungdomar begynner på Vg1 ved ein av fylkeskommunen sine vidaregåande skular komande haust. Inneverande år starta om lag 6600 elevar på Vg1. Det betyr at fleire ungdomar som har avbrote utdanninga si, no kan kome attende og ha rett til å få fullføre vidaregåande skule. Dette kan føre til høgare elevtal hausten 2019 enn det som er rekna med ovanfor. Til dømes var det om lag 200 fleire elevar som starta i Vg1 skuleåret 2018/19 enn kva ein rekna med i klassesaka hausten 2017. Konsekvensar av dette vil fylkesrådmannen kome attende til i justeringssaka våren 2019.

<sup>1</sup> Første inntak i nye Vestland fylkeskommune

Region	Vg1 2018/19	Vg1 2019/20	Vg1 2020/21
Region Vest	1455	1532	1620
Region Bergen Sør	1415	1502	1515
Region Bergen Nord	1297	1236	1263
Region Bergen sentrum	567	530	556
Region Sunnhordland	908	823	891
Region Voss og Hardanger	498	514	480
<b>Totalt</b>	<b>6140</b>	<b>6137</b>	<b>6325</b>

Tal frå GSI.

Størrelsen på ungdomskullet varierer mellom regionane. Med utgangspunkt i tala frå GSI, brote ned på regionnivå, er det region Sunnhordland som har den største nedgangen i elevtal frå ungdomsskulen mellom skuleåra 18/19 og 19/20, med ein reduksjon på 85 ungdomar. Motsett har region Bergen Sør den største auken med 87 ungdomar.

### Dimensjonering

Hausten 2018 er det totalt 791 klassar<sup>2</sup> i dei vidaregåande skulane i HFK. Av desse er 22 halve. Totalt 123 klassar (eks TAF) har mindre enn 85 % oppfylling. Tabellen under gir regionvis oversikt over tal ordinære klassar, oppfyltingsgrad i regionen og tal ordinære klassar med under 85 % oppfylling.

Region	Tal skular	Tal ordinære klasser	Halve klassar	Tal klassar under 85 % oppfylling (eks TAF)
Region Nord	6	141	0	13
Region sentrum	4	136	0	11
Region Vest	5	133	4	16
Region Sunnhordland	6	102	4	34
Region sør	8	188	6	14
Region Voss/Hardanger	4	80	8	35
<b>Totalt</b>	<b>33</b>	<b>780</b>	<b>22</b>	<b>123</b>

I ny budsjettmodell som gjeld frå hausten 2018, blir ressursane til skulane i hovudsak tildelt basert på tal ordinære klassar. Det er tidlegare fatta vedtak om at det i utgangspunktet skal vere 85 % oppfylling for at ein klasse blir sett i gang. Ut frå ein økonomisk ståstad har det tradisjonelt likevel blitt oppretta for mange ordinære klassar med lågare kapasitetsutnytting enn kravet på 85 %. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til kva ordinære klassar ein foreslår å ikkje starte etter prognoseinntaket i mars 2019.

<sup>2</sup> Hausten 2018 er det 791 klassar, der 769 er heile og 22 halve. Omgjort til heile klassar blir dette  $769 + (22 \times 0,5) = 780$ .

Tabellen viser endring i klassetal og elevplasztal per utdanningsprogram. Hovudendringa skjer på TIP som følge av auka elevtal på Vg1 og arbeidslivet sitt behov, i tillegg til HO, der fylkeskommunen aukar elevplasztalet som følge av etablering av tilbod innan studieførebuande HO.

Utdanningsprogram	Nto endring klassetal	Nto endring elevplasztal
Restaurant og matfag (RM)	1	5
Service og Samferdsel (SS)	2	30
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	0	0
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	4	60
Elektrofag (EL)	0	0
Helse og oppvekstfag (HO)	5	90
Naturbruk (NA)	0	0
Design og handverk (DH)	1	15
Medier og kommunikasjon (ME)	0	0
Kunst, design og arkitektur (KDA)	0	0
Studiespesialiserande (ST)	1	30
Idrettsfag (ID)	0	0
Tilrettelagte tilbod ST	-1	-15
<b>Sum netto endring</b>	<b>13</b>	<b>215</b>

### Oppfyltingsgrad - kapasitet

Oppfyltingsgrad varierer mellom dei ulike utdanningsprogramma og innan regionane i fylket, der det kan vere stor ulikskap. Til dømes er det i KDA ein variasjon i oppfyltingsgrad frå 28 % til 89 % mellom regionane, og MDD frå 50 % til 101 %.

Ved dei studieførebuande utdanningsprogramma er det rekna kapasitet per klasse på 30 elevar, medan det er rekna 15 elevar per klasse på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Generelt har dei yrkesfaglege utdanningsprogramma ein jamnare oppfyltingsgrad enn studieførebuande utdanningsprogram. Region Voss/Hardanger har generelt lågare oppfyltingsgrad enn dei andre regionane.

Tabellen under viser oppfyltingsgrad for utdanningsprogramma regionvis skuleåret 2018/19:

Region	ST	ID	MDD Dans	MDD Drama	MDD Musikk	KDA	ME	PB
Region Nord	91 %	90 %					92 %	87 %
Region Sentrum	95 %					84 %	94 %	100 %
Region Sør	98 %	94 %	97 %		101 %	87 %	93 %	92 %
Region Voss/Hardanger	79 %	60 %			50 %	28 %		100 %
Region Vest	92 %	96 %		85 %		89 %		88 %
Region Sunnhordland	86 %	88 %			61 %		75 %	95 %

Region	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TP	AO
Region Nord	98 %	93 %	93 %	98 %			101 %	98 %	110 %
Region Sentrum		100 %	95 %	101 %			99 %	95 %	102 %
Region Sør	98 %		93 %	98 %	93 %	91 %	102 %	93 %	
Region Voss/Hardanger	85 %	73 %	95 %	101 %	106 %	90 %	100 %	77 %	91 %
Region Vest	96 %	93 %	97 %	101 %		83 %	103 %	97 %	87 %
Region Sunnhordland	88 %	107 %	96 %	91 %	94 %	58 %	78 %	88 %	93 %

### Utvikling i tal læreplassar i utvalde fag

Tabellen viser samanheng mellom inngåtte lærekontraktar i 2017 og så langt i 2018. Dette illustrerer godt arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft. Hordaland har satsa mykje på å bruke handlingsrommet i lærlingordninga. Hordaland har mange kontraktar som ikkje følgjer den ordinære 2+2-modellen. Hordaland har vekslingsmodell innan tømrarfaget og eit godt utbygd TAF-system, der elevane får studiekompetanse og fagbrev i same utdanning. Hordaland har også mange lærekontraktar med tre eller fire år i bedrift. Om lag 1/3 av alle nye kontraktar i 2017 følgjer ikkje normalmodellen. Dette gjer at bransjar som har fag som slit med låge elevtal, likevel klarar å få dekt meir av sitt behov enn om ikkje denne moglegheita blei tatt like godt i bruk. Det er også ein god modell for distrikta, der ein har mange slike kontraktar, men der totalvolumet ikkje kan forsvarast med ein klasse. Hordaland har også eit godt utbygd system for at desse lærlingane skal kunne ta den teorien dei manglar.

	Lærekontraktar		Elevlar i Vg2
	2017	2018*	2018/19
<b>Byggteknikk</b>	285	257	250
<b>El-energi</b>	250	210	334
<b>Barne og ungdomsarbeidar</b>	166	156	292
<b>Helsearbeider</b>	218	193	430
<b>Kjøretøy</b>	102	75	122
<b>Industriteknologi</b>	160	153	194
<b>Ikt-servicefag</b>	44	41	59
<b>Maritime fag</b>	120	103	100
<b>Klima energi og miljø (Røyr, ventilasjon, blikk)</b>	73	95	28
<b>Kokk og servitør</b>	85	102	89
<b>Frisør</b>	85	80	45
<b>Salg, service og sikkerheit</b>	86	73	126
<b>Transport/logistikk</b>	93	52	46
<b>Automasjon</b>	66	55	89
<b>Data og elektronikk</b>	9	11	23
Sum	<b>1842</b>	<b>1656</b>	<b>1977</b>

Tal per 20.10.18

Konjunktursvingingar og trendar generelt påverkar både søkemønsteret til ungdomane og moglegheita ungdomane har til å få slutført opplæringa si. I 2017 var det ein klar tendens at oljerelaterte verksemdar begynte å få arbeid i bøkene sine igjen. Dette har forsterka seg i løpet av 2018, men ein ser også at strukturelle tilhøve spelar inn. Det er etablert ein Vg3 klasse for dei som ikkje fekk seg læreplass innan industrifaga. Klassen har åtte deltakarar. I Sunnhordland klarar ikkje fylkeskommunen å levere nok elevlar til arbeidslivet, og tal lærlingar kunne vore høgare dersom ein hadde hatt fleire elevlar i denne regionen.

I 2017 gjorde fylkesutvalet tydelege justeringar på Vg1 Elektrofag. Fylkesrådmannen foreslår i denne saka å redusere Vg2 Elenergi med 45 plassar, der 30 av dei blir justert ned i Stor-Bergen. Bransjen melder om ein



vekst både i 2019 og vidare inn i 2020. Frå skuleåret 2020/21 blir det ein like stor reduksjon i Stor-Bergen med nye 30 plassar som kan leggest ned. Dette betyr ein reduksjon på 60 plassar i løpet av to år. Fylkesrådmannen anbefaler likevel at vi allereie i denne saka opprettar ein ekstra Vg1-klasse ved Årstad vgs, slik at ein er førebudd på at tal elevar blir for lågt i høve til bransjen sitt behov.

### **Vg3 sluttopplæring i skule**

I 2018 blei det oppretta tre tilbod med Vg3 sluttopplæring i skule for elevar ved Elektrofag som ikkje fekk læreplass. Det er om lag 30 deltakarar på desse tilboda. Også i 2019 vil det vere behov for eit slikt tilbod. Det er lite sannsynleg at behovet blir like stort som i år, men likevel noko som må planleggast for.

Innan IKT servicefag er det framleis ubalanse mellom tal elevar og læreplassar. Det blir arbeid aktivt med å få t.d. Bergen kommune til å ta inn fleire lærlingar i faget. Det blir planlagt eit Vg3-tilbod for elevar som ikkje får læreplass også i 2019.

I faga som rekrutterer frå programområdet Køyretøy, er det også i år ei gruppe elevar som har behov for Vg3-tilbod. I år er det i skrivande stund sju elevar ved dette tilbodet. Ein må også i 2019 planlegge med eit slikt tilbod.

Innan helsefaga (Helsefagarbeidarfag og Barne- og ungdomsarbeidarfag) har det vore ein auke i del elevar som søker seg ut i lære. I 2018 har det vore krevjande å få alle på plass. I tillegg har vi ei gruppe vaksne elevar som også slit med å få plass. Fylkesrådmannen arbeider med å opprette eit Vg3-tilbod til desse elevane også. Per i dag er det om lag 15 elevar utan plass i desse faga.

### **Retten til eitt av tre utdanningsprogram**

Sjølv om behovet for å tilpasse utdanningstilbodet til næringslivet sitt behov er stort, må ein likevel alltid ta omsyn til at søkerane frå ungdomsskulen har ein lovfesta rett til inntak ved eitt av tre valde utdanningsprogram. Så lenge søkerane har så sterke rettar, vil det vere utfordrande for fylkeskommunen å tilpasse tal på elevplassar til venta tal på tilgjengelege læreplassar to år etter.

### **Endringar i tilbodsstrukturen hausten 2018**

Framlegg til endringar i tilbodsstrukturen blir presentert pr. utdanningsprogram. Hovudvurderingane som ligg til grunn er

- Konsekvensar av vedtak som blei gjort av fylkesutvalet i tilsvarande sak, desember 2017.
- Tilbod som blei oppretta i samband med prognoseinntaket våren 2018, kan medføre vidareføring av utdanningsløpet til Vg2 eller Vg3.
- Tilpassing til næringslivet sitt behov for arbeidskraft og venta tilgang på læreplassar
- Oppfølging av strukturendring av utdanningsprogrammet Studiespesialisering m/formgjevingsfag (til KDA) og det yrkesfaglege utdanningsprogrammet Medier og kommunikasjon til eit studieførebuande program
- Oppfølging av utviding av studieførebuande tilbod i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag.

Endringar i tilbodsstrukturen ved einskilde skular kan, i tillegg til punkta ovanfor, vere omfatta av og gjennomført på grunnlag av vedtatt skulebruksplan, og kjem difor ikkje med i saksframstillinga nedanfor.

## **Restaurant- og matfag**

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om RM ved fem skular - Fitjar vgs, Fusa vgs, Sandsli vgs, Sotra vgs og Voss vgs.**

I skulebruksplanen blei det fatta vedtak om at tilbodet frå Åsane vgs, Årstad vgs og Austrheim vgs skulle flyttast til Sandsli vgs. Gjennom sak om justering av tilbodsstruktur i juni 2018 (PS 103/2018) blei Vg1 RM ved Austrheim vgs lagt ned. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det ikkje er elevgrunnlag for å opprette Vg1 RM ved Austrheim vgs igjen.

Ved desse strukturendringane er vedtaket i skulebruksplanen gjennomført.

Søkartala til RM har gått ned dei siste åra, og bransjen slit med å rekruttere nok arbeidskraft. Det må arbeidast tett med bransjen for å få ungdom til å velje desse faga i framtida. Fylkesrådmannen legg i denne saka fram forslag om å opprette eit TAF-tilbod på Fusa vgs som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak 12.12.17 (PS 105/17 Årsbudsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021) om auka rekruttering til RM. Helse Bergen, Solstrand Fjordhotell og Scandic Flesland har støtta den søknaden og har signalisert behov for lærlingar.

Det er stor trong for arbeidskraft i bransjen, og det er kapasitet til å ta inn fleire lærlingar. Dei vidaregåande skulane har kapasitet til å utvide tilbodet dersom interessa for faget veks.

#### Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
16	1	5

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fusa vgs	Vg1 RM TAF	1	5
<b>Netto endring</b>		<b>1</b>	<b>5</b>

## Service og samferdsel (SS)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om SS ved 10 skular** - Amalie Skram vgs, Bømlø vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Os vgs, Sotra vgs, Stend vgs, Stord vgs, Tertnes vgs og Voss gymnas

Kvinnherad vgs har dei siste åra hatt relativt lite søkargrunnlag til Service og samferdsel, noko som har gjort at Vg1 og Vg2 har blitt nedlagt/oppretta annakvart år. Skulen har inneverande år berre Vg1 SS, og det må difor opprettast ein klasse Vg2 Sal, service og tryggleik for skuleåret 2019/20. Søkartala ved prognoseinntaket 2019 vil vise om Vg1-tilbodet også kan halde fram skuleåret 2019/20.

Det blir vidare oppretta eit tilbod på Vg2 Reiseliv ved Voss gymnas. Skulen har hatt møte med representantar frå reiselivet i kommunane Voss, Aurland, Eidfjord og Ulvik – og har fått tilbakemeldingar om at det er viktig at eit slikt tilbod er i regionen. Næringslivet har gitt gode tilbakemeldingar på å ta imot elevar i yrkesfagleg fordjuping (YFF) og teikne samarbeidskontrakt med skulen. Fleire verksemder melder også tilbake at dei er positive til å teikne intensjonsavtalar for å bli lærebedrift, ut over dei som allereie har gjort det.

#### Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
34	2	30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvinnherad vgs	Vg2 Sal, service og tryggleik	1	15
Voss gymnas	Vg2 Reiseliv	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>2</b>	<b>30</b>

## Bygg- og anleggsteknikk (BA)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om BA ved 13 skular – Arna vgs, Askøy vgs, Austrheim vgs, Knarvik vgs, Kvinnherad vgs, Laksevåg vgs, Odda vgs, Os vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss vgs og Åsane vgs**

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk ved Odda vgs blei lagt ned våren 2018. Det har etter kvart blitt vanleg at dette tilbodet blir lagt ned annakvart år. Det betyr at det også berre blir oppretta Vg2 Byggteknikk annakvart år. Desse elevane har i stor grad fått læreplass. Skulen og regionen oppfatar på mange måtar denne vekslinga mellom tilboda som positiv, sjølv om det ville vore best å ha både Vg1 og Vg2 kvart år. På den andre sida har elevane med ein slik syklus vesentleg større sjanse til læreplass i nærområdet.

Sidan skulen ikkje har Vg1 BA inneverande skuleår, blir ein klasse Vg2 Byggteknikk lagt ned frå skuleåret 2018/19. Tilsvarande tilrår fylkesrådmannen at det blir oppretta Vg1 BA.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasztal
55	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Odda vgs	Vg1 BA	1	15
Odda vgs	Vg2 Byggteknikk	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## Teknikk og industriell produksjon (TIP)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om TIP ved 19 skular – Askøy vgs, Austevoll vgs, Austrheim vgs, Bergen maritime vgs, Fusa vgs, Knarvik vgs, Kvam vgs, Kvinnherad vgs, Laksevåg vgs, Odda vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Rubbestadnes vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss vgs, Årstad vgs og Åsane vgs.**

Etter lokalt initiativ frå Hydro Husnes og Kvinnherad kommune tilrår fylkesrådmannen at det blir oppretta ein klasse Vg2 Kjemiprosess ved Kvinnherad vgs. Ved Hydro Husnes skal produksjonen aukast, og det skal gjerast omfattande oppgraderingar ved aluminiumsverket. Investeringsramme er på rundt 1,3 mrd. kroner. Hydro Husnes reknar med å tilsetje rundt 90 nye fagarbeidarar i åra som kjem. Eit slikt tilbod vil vere betre tilpassa lærlingkapasiteten hos verksemdene i regionen.

Kjemiprosess er også eit programområde som i stor grad rekrutterer jenter, og eit slikt tilbod ved Kvinnherad vgs vil kunne bidra til å rekruttere jenter inn i industrien.

Hausten 2018 opna Utdanningsdirektoratet for at elevar frå Vg1 Studiespesialisering kan søke seg over til Vg2 yrkesfag, og samtidig fullføre på normert tid. Ettersom elevane har fullført fellesfaga, frigjer det 196 årstimar til opphenting av programfag frå Vg1 i det aktuelle yrkesfaglege utdanningsprogrammet. Ei slik ordning kan bidra til å auke rekrutteringsgrunnlaget til Kjemiprosess. Ein slik overgang mellom studiespesialisering og yrkesfag vil krevje ei lokal forskriftsfesting av ordninga, og fylkesrådmannen vil eventuelt kome tilbake med ei sak om dette.

Med oppretting av Vg2 Kjemiprosess ligg det ikkje inne ein reduksjon i Vg2 Industriteknologi ved Kvinnherad vgs. Dette betyr at det samla tilbodet på Vg2 TIP aukar i regionen, noko som kan bety at det vil bli ein overkapasitet i region Sunnhordland. Fylkesrådmannen vil i samheng med prognoseinntaket i 2019 vurdere om det er grunnlag for å oppretthalde alle tilboda på Vg2 Industriteknologi i regionen.

Fylkesrådmannen vil kome tilbake i justerings-saka våren 2019 med vurdering av kva tilbod som eventuelt ikkje blir sett i gang, avhengig av elevane sitt søkemønster.

Tilbodet om Vg2 Industriteknologi ved Kvam vgs blei lagt ned våren 2018, og skulen har no ikkje tilbod innanfor TIP. Dei har inneverande skuleår to klassar Vg1 TIP, og med dette som bakgrunn bør det vere grunnlag for å gjenopprette ein klasse Vg2 Industriteknologi. Utan eit slikt tilbod vil ungdomane måtte reise ut av regionen for å halde fram med utdanninga si, noko som vil vere uheldig.

Vg2 Industriteknologi ved Laksevåg vgs blei våren 2018 lagt ned grunna lågt søkartal. Inneverande skuleår har Laksevåg vgs fire klassar Vg1 TIP. Saman med positive signal om ein auke i lære-plassar innanfor dette fagområdet er det naudsynt å gjenopprette tilbodet på Vg2 Industriteknologi. I første omgang tilrår fylkesrådmannen ein klasse, men prognoseinntaket vil vise om det er grunnlag for to klassar.

Det var også lågt søkartal til Vg2 Industriteknologi ved Åsane vgs, og tilbodet blei lagt ned våren 2018. Til skuleåret 2018/19 var det ein auke i søkartalet til Vg1 TIP i Bergensområdet, og det vil vere behov for fleire klassar Vg2 Industriteknologi i regionen. Fylkesrådmannen tilrår at Vg2 Industriteknologi blir gjenoppretta ved Åsane vgs skuleåret 2019/20.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
96	4	60

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvam vgs	Vg2 Industriteknologi	1	15
Kvinnherad vgs	Vg2 Kjemiprosess	1	15
Åsane vgs	Vg2 Industriteknologi	1	15
Laksevåg vgs	Vg2 Industriteknologi	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>4</b>	<b>60</b>

## Elektrofag (EL)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om EL ved 16 skular** – Askøy vgs, Bergen maritime vgs, Knarvik vgs, Kvam vgs, Kvinnherad vgs, Laksevåg vgs, Odda vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Rubbestadnes vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss vgs, Årstad vgs og Åsane vgs.

Det er to hovudutfordringar knytt til Elektrofag. Den eine er at det over tid har vore ein overkapasitet av elevplassar sett opp mot tilgjengelege lære-plassar i Hordaland. Den andre er at for mange fagleg svake elevar får plass på EL, som er eit fagleg krevjande utdanningsprogram.

I klassesaka hausten 2017 blei det lagt ned fire Vg1-klassar EL. Det betyr at det ikkje vil vere grunnlag for alle Vg2-tilboda på Elenergi som eksisterer i dag. Fylkesrådmannen tilrår difor å leggje ned totalt 45 plassar på Vg2 Elenergi. Dette vil både gjere at tilbodet for skuleåret 2019/20 blir tilpassa elevmengda på Vg1 EL, og samtidig vere eit grep for å få ei betre totaldimensjonering på Elektrofag.

Fylkesrådmannen foreslår i denne saka å redusere Vg2 Elenergi med totalt 45 plassar, der 30 av dei blir justert ned i Stor-Bergen. Bransjen melder om ein vekst både i 2019 og vidare inn i 2020. I frå skuleåret 2020/21 blir det ein like stor reduksjon i Stor-Bergen med nye 30 plassar som må leggjast ned. Dette betyr ein reduksjon på 60 plassar i løpet av to år.

Fylkesrådmannen tilrår likevel at det allereie for skuleåret 2019/20 blir oppretta ein ekstra Vg1-klasse ved Årstad vgs, slik at ein er førebudd på at tal elevar blir for lågt i høve til bransjen sitt behov.

Til skuleåret 2018/19 hadde Stord vgs tilbod om studieførebuande Elektrofag (treårig tilbod). Dette blei ikkje sett i gang pga. for låge søkartal. Fylkesrådmannen tilrår at dette tilbodet blir forsøkt sett i gang for skuleåret 2019/20 ettersom skulen har hatt betre tid til å planlegge og marknadsføre tilbodet. Prognoseinntaket vil vise om det er grunnlag for å setje i gang tilbodet.

Fylkesrådmannen tilrår å opprette ei gruppe Vg2 Data og elektronikk ved Askøy vgs, under føresetnad om minimum oppfylling på 85 %. Det ligg også til grunn at dette er eit tilbod skulen skal ha etter utbygging i 2022. I dag er det berre Årstad vgs som har dette tilbodet.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
74	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Askøy vgs	Vg2 Data og elektronikk	1	15
Stord vgs	Vg1 EL m/ST	1	15
Stord vgs	Vg2 Elenergi	-1	-15
Årstad vgs	Vg2 Elenergi	-2	-30
Årstad vgs	Vg1 EL	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## Helse- og oppvekstfag (HO)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om HO ved 20 skular** – Arna vgs, Askøy vgs, Austevoll vgs, Austrheim vgs, Bømlø vgs, Fitjar vgs, Fusa vgs, Fyllingsdalen vgs, Knarvik vgs, Kvam vgs, Kvinnherad vgs, Nordahl Grieg vgs, Odda vgs, Olsvikåsen vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs, Voss gymnas, Årstad vgs og Åsane vgs.

Fylkesutvalet oppretta i desember 2017 eit nytt tilbod ved Olsvikåsen vgs - Vg1 Helse- og oppvekstfag med studiekompetanse. Dette må vidareførast til Vg2, og det må difor opprettast ein ekstra klasse Vg2 Helsearbeidarfaget (15 elevar) og ein klasse Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget (15 elevar). Tilsvarande må det opprettast Vg3 Studieførebuande HO ved Nordahl Grieg vgs, som er ei vidareføring av at dette tilbodet starta opp på Vg1 hausten 2017.

Fylkesrådmannen tilrår at det blir oppretta ein klasse Vg2 Helsearbeidarfag ved Osterøy vgs. Kommunen har uttrykt eit klart behov for kompetanse, og er bekymra for konsekvensar for rekruttering om det ikkje finst eit opplæringstilbod lokalt. Osterøy kommune vil kunne tilby læreplassar. Skulen har i dag tilbod på Vg1 HO.

Vidare tilrår fylkesrådmannen at det blir oppretta ein halv klasse Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag, og ein reduksjon av ein halv klasse Vg2 Helsearbeidarfag ved Kvam vgs. Tilrådinga er gjort med bakgrunn i at skulen bør ha fleire programområde på Vg2 for å kunne gi elevane eit betre og breiare tilbod.

Fylkesrådmannen tilrår å opprette ei gruppe Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag ved Knarvik vgs. Dette vil legge til rette for at fleire elevar frå både HO og DH (kryssløp frå Vg1) kan gjennomføre opplæringa på same skule. Skulen har i dag fire klassar på Vg1 og to klassar på Vg2 HO (Helsefagarbeidar), og ingen Vg2-tilbod på DH. Totalt sett betyr dette at to klassar Vg1 HO og ein klasse Vg1 DH ikkje har tilbod på Vg2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir oppretta ei gruppe Vg2 Helsefagarbeidar slik at skulen i større grad kan tilby eit Vg2-løp for dei som allereie er elevar ved skulen.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
121	5	90

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvam vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	0,5	7,5
Kvam vgs	Vg2 Helsearbeidarfag	-0,5	-7,5
Olsvikåsen vgs	Vg2 HO m/ST - Helsearbeidarfag	1	15
Olsvikåsen vgs	Vg2 HO m/ST - Barne- og ungdomsarbeidarfaget	1	15
Osterøy vgs	Vg2 Helsearbeidarfag	1	15
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Studieførebuande HO	1	30
Knarvik vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>5</b>	<b>90</b>

## Naturbruk (NA)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om NA ved 4 skular – Austevoll vgs, Fusa vgs, Stend vgs og Voss vgs.**

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen på NA.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
32	0	0

## Design og handverk (DH)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om DH ved 6 skular – Fitjar vgs, Knarvik vgs, Odda vgs, Sotra vgs, Voss gymnas og Årstad vgs.**

Vg1 Design og handverk (DH) er eit «smalt» utdanningsprogram med relativt få programområde vidare til Vg2 og Vg3/lærefag. Vg1 DH gir kompetanse til å søke inntak ved Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag (HO). Dette gjer at søkargrunnlaget til Vg2 DH blir avgrensa.

Vg2 Interiør og utstillingsformgjevar blei lagt ned ved Fitjar vgs i både 2017 og 2018. Tilbodet har hatt låg elevsøking over fleire år, og ei kort undersøking blant søkarane på Vg1 DH ved skulen viser at det er låg

interesse for tilbudet. Fylkesrådmannen tilrår at Vg2 Interiør og utstillingsformgjevar ikkje blir oppretta for skuleåret 2019/20.

Fylkesrådmannen foreslo i klassesaka i 2017 å legge ned Vg2 Design og tekstil ved Årstad vgs på bakgrunn av at det ikkje er læreplassar i faget. Tilbodet blei sett i gang, og skulen har arbeidd for å skaffe læreplassar og sjå det i samanheng med praksisplassar i YFF.

Så langt er det inngått eit samarbeid med opplæringskontoret for småfag i Oslo. Resultatet er at det er oppretta ei 20 % stilling frå 1.8.2018 for å rekruttere lærebedrifter. Samstundes har skulen arbeidd for å inngå samarbeidsavtalar med bedrifter, der det per i dag er skrive to slike avtalar. Det er eit tydeleg mål å få fleire ut i lære inneverande skuleår.

Fylkesrådmannen ser positivt på initiativa som er tatt frå skulen, og tilrår at tilbudet blir vidareført skuleåret 2019/20. Samstundes er det klart at ein bør sjå konkrete resultat av arbeidet med å auke tal læreplassar for at tilbudet skal vere berekraftig i framtida. Fylkesrådmannen vil vurdere effektane av arbeidet fram mot neste haust og klassesak for 2020/21. Viss det til tross for arbeidet som no er i gang ikkje blir oppretta læreplassar, må ein vurdere tilbudet på nytt. Eit alternativ er eit fleksibelt opplæringsløp på DH over tre år, som gir studiekompetanse. Dette vil kunne møte nokre av utfordringane i dag med at elevane i liten grad får læreplass, og gir eit meir fleksibelt løp mot studiekompetanse for dei som har påbygg som eit planlagt løp

Vg2 Blomsterdekoratør ved Voss gymnas blei lagt ned våren 2018 på grunn av for lågt søkartal. Dette tilbudet blei flytta frå Hjeltnes vidaregåande skule for eit par år sidan, men søkartalet har likevel blitt lågare enn dei fleste åra i Ulvik. Sidan dette er det einaste tilbudet innafor dette programområdet både i Hordaland og Sogn og Fjordane, tilrår fylkesrådmannen at tilbudet blir oppretta til skuleåret 2019/20.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
20	1	15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør	1	15
<b>Netto endring</b>		<b>1</b>	<b>15</b>

## Medier og kommunikasjon (ME)

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om ME ved 4 skular** – Amalie Skram vgs, Arna vgs, Nordahl Grieg vgs og Stord vgs.

På bakgrunn av at få elevar søkte seg vidare frå Vg1 til Vg2 ME på Stord vgs, blei det ikkje oppretta ei Vg2-gruppe inneverande skuleår. Mange av desse elevane søkte overgang til ST etter eitt år. Skulen har i dag ei gruppe på Vg1, og det må difor opprettast ei gruppe på Vg2 skuleåret 2019/20.

Fylkesrådmannen tilrår at det ikkje blir gjort fleire endringar på ME for skuleåret 2019/20 enn kva som er omtalt her, men vil i framtida vurdere omfang av tilbod på ME basert på oppfyllingsgrad og i kva grad dei ulike studieførebuande utdanningstilboda kan verke konkurrerende på kvarandre innanfor ein skule eller region.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasztal
14	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Stord vgs	Vg2 ME	1	30
Stord vgs	Vg3 ME	-1	-30
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## Kunst, design og handverk (KDA)

Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om KDA ved 4 skular – Fusa vgs, Olsvikåsen vgs, Voss gymnas og Årstad vgs.

Vg2 Kunst, Design og Arkitektur på Voss gymnas blei lagt ned våren 2018 på grunn av lågt søkartal. Dette fører med seg nedlegging av Vg3 KDA, men ny-oppretting av Vg2 KDA sidan skulen inneverande skuleår har Vg1-elevar på dette utdanningsprogrammet.

Fylkesrådmannen tilrår at det ikkje blir gjort fleire endringar på KDA for skuleåret 2019/20 enn kva som er omtalt her, men vil i framtida vurdere omfang av tilbod på KDA basert på oppfyltingsgrad og i kva grad dei ulike studieførebuande utdanningstilboda kan verke konkurrerende på kvarandre innanfor ein skule eller region.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasztal
11	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Voss gymnas	Vg2 KDA	1	30
Voss gymnas	Vg3 KDA	-1	-30
<b>Netto endring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## Idrettsfag (ID)

Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om ID ved 6 skular – Odda vgs, Sotra vgs, Stend vgs, Stord vgs, Tertnes vgs og Voss gymnas.

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen på ID.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasztal
29	0	0



## Studiespesialisering (ST)\*

**Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om ST ved 22 skular** – Amalie Skram vgs, Arna vgs, Askøy vgs, Austrheim vgs, Bergen katedralskole, Bømlø vgs, Fitjar vgs, Fyllingsdalen vgs, Knarvik vgs, Kvam vgs, Kvinnherad vgs, Langhaugen vgs, Nordahl Grieg vgs, Odda vgs, Olsvikåsen vgs, Os gymnas, Osterøy vgs, Sandsli vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Tertnes vgs, Voss gymnas og Årstad vgs.

\*inkludert toppidrett på Tertnes og påbygg

Vg1 ST ved Austevoll vgs blei lagt ned våren 2018 grunna lågt søkartal. Skulen har ikkje ST-tilbod på Vg2 eller Vg3. Talet på avgangselevar frå ungdomsskulen i Austevoll aukar frå om lag 55 i 2018 til om lag 80 i 2019, noko som vil auke rekrutteringsgrunnlaget ved skulen. Fylkesrådmannen meiner det då vil vere grunnlag for å gjenopprette Vg1 ST ved skulen.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
263	1	30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Austevoll vgs	Vg1 ST	1	30
<b>Netto endring</b>		<b>1</b>	<b>30</b>

## Innføringstilbod minoritetsspråklege elevar

Hordaland tilbyr skuleåret 2018/19 innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar ved Bergen Katedralskole, Knarvik vgs, Kvam vgs, Sotra vgs, Stord vgs, Voss gymnas, Årstad vgs og Åsane vgs.

Søknadsfristen for inntak til innføringstilbod er 1. februar, men i realiteten kjem denne gruppa elevar til landet gjennom heile året. Behov for innføringstilbod vil variere etter arbeidsinnvandring og kor mange som søker asyl. Inneverande skuleår er det om lag 200 elevar i desse tilboda, som er ein nedgang frå førre skuleår. På grunn av denne uvissa rår fylkesrådmannen til at det blir gitt fullmakt til å legge ned, eventuelt opprette klassar i samsvar med behovet fram til 1. september 2019.

I klassesaka hausten 2017 blei tilbod om ST spesielt tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar ved Bergen Katedralskole lagt ned. Dette fører med seg nedlegging av Vg2-tilbodet komande skuleår.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
16	-1	-15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen Katedralskole	Vg2 Studiespes. for min.språklege	-1	-15
<b>Netto endring</b>		<b>-1</b>	<b>-15</b>

## Musikk, dans og drama (MDD)

Skuleåret 2018/19 blir det gitt tilbod om MDD ved 4 skular – Fyllingsdalen vgs, Langhaugen vgs, Stord vgs og Voss gymnas.

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbodsstrukturen på MDD.

Tal klassar	Endring kl.tal	Endring elevplasstal
16	0	0



Arkivnr: 2018/16480-9

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	72/18	04.12.2018

## Forslag til uttale i høyring om "Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient- og brukarutval"

### Samandrag

Regjeringa ønskjer å løfte pasient- og brukarrettigheitsordninga, både når det gjeld innhald og omfang. Det vert føreslått å etablere eit nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod. Det vert og føreslått at omboda i fylka skal bytte namn til Eldre- pasient- og brukarombod. Det nasjonale ombodet skal i tillegg vere eit ombod for eit fylke og lokalisert saman med ombodet i dette fylket.

Ansvarsområdet for det nasjonale ombodet og dei lokale omboda skal fortsatt vere avgrensa til helse- og omsorgstenestar frå stat og kommune. Dette gjeld og for eldre pasientar og brukarar.

Høyringsfristen er **2. januar 2019**.

Vedlagt ligg forslag til uttale. Fylkeseldrerådet vert budne om å ta stilling til om forslaget skal sendast inn og om det skal endrast.

### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil gje høyringsuttale til saka: Etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod mm.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Forslag til uttale i høyring om "Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient- og brukarutval"

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Dato: 4.12.2018  
Vår ref.: -  
Saksbehandlar: sillyng  
Dykkar ref.:

## Høyringsuttale til forslag om å etablere Nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod

Det vert vist til invitasjon frå Helse- og omsorgsdepartementet til Fylkeseldreråda og andre om å uttala seg til forslag om å etablere eit nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama forslaget og vedtok følgjande uttale i sak..... i møte den 4/12-2018.

### **Generelt**

Fylkeseldrerådet i Hordaland ser positivt på at styresmaktene vil fokusera meir på korleis den eldre del av befolkninga opplever møtet med helsetenestene. Rådet er difor positiv til forslaget om å oppretta eit Nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod som skal ha ei samordnande rolle overfor dei lokale omboda i von om å oppnå sams arbeidsmetodikk og praksis landet over. Fylkeseldrerådet er spesielt nøgd med at ombodet sitt arbeidsfelt no også skal omfatta tannhelse.

*Men Fylkeseldrerådet i Hordaland ser det som ein stor veikskap ved forslaget at ikkje også dei private tilbydarane av helsehjelp skal koma inn under omboda sine arbeidsområde. Dette vil bli nærare grunnlagt seinare i denne høyringsuttalen.*

### **Kommentarar til enkeltpunkt i høyringsdokumentet**

#### Nasjonalt ombod med spesielt fokus på dei eldre

Det er positivt at det skal opprettast eit nasjonalt ombod som skal ha eldre som spesielt arbeidsfelt i tillegg til pasientar og brukarar generelt, og at dette kjem til uttrykk i det føreslåtte namnet; Eldre-pasient- og brukarombod. Det er vidare positivt at arbeidsområdet til dei *lokale* omboda også skal omfatta dei eldre, og at det kjem fram gjennom at namnet også lokalt skal vera Eldre-pasient-og brukarombod.

#### Tannhelsetenesta

Fylkeseldrerådet er særst nøgd med at det er føreslått at tannhelsetenesta skal vera ein del av ansvarsområdet for Eldre- pasient- og brukarombodet, og at ein ved det har følgd tilråding frå Ariansonutvalet. I høyringsdokumentet blir det også nemnt at nokre kommunar skal få prøva ut kommunal tannhelseteneste. Fylkeseldrerådet i Hordaland har tidlegare gått i mot at tannhelsetenesta skal leggjast over frå fylkeskommunane til kommunane, og har ikkje endra syn på dette. Rådet er difor glad for at tannhelsetenesta i alle høve no skal inn under arbeidsområdet til eit Eldre-pasient- og brukarombod som vil dekkja heile fylkesregionar. Det kan såleis også bli meir fokus på at tannhelse faktisk er ein viktig del av den enkelte si helse.

### Samordnande oppgåve og fagleg rettleiar

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i at ei viktig oppgåve for det Nasjonale Eldre- pasient- og brukarombodet må vera å *"bidra til felles forståelse av problemstillinger og løysning av saker som vil kunne få betydning ut over det enkelte tilfelle"*. Fylkeseldrerådet meiner eins praksis over heile landet er viktig, slik at det ikkje blir avgjerande kor du bur for resultatet av ein klage. Rådet er difor positiv til at Nasjonalt Eldre-pasient- og brukarombod skal ha ein samordnande og rettleiande oppgåve overfor dei lokale omboda.

### Informasjonsplikta

Fylkeseldrerådet i Hordaland merkar seg, og seier seg glad for, at høyringsdokumentet så sterkt framhevar helseinstitusjonane sin plikt til å informera pasientar og brukarar om klageretten og andre rettar dei har ifølgje "Lov om pasient- og brukerrettigheter", til dømes rett til å søkja erstatning, og at informasjonsplikta no også skal omfatta tannhelsetenesta. Vidare at informa-sjonsplikta også gjeld for kommunar og fylkeskommunar.

### Dei pårørande og retten til informasjon og å bli inkludert

Fleire stader i høyringsdokumentet vert dei pårørande nemnt, og det er bra at dei pårørande si rolle vert lagt vekt på, og at dette kjem fram i lova. Det er ikkje alltid at pasienten/ brukaren/ den eldre sjølv er i stand til å oppfatta all informasjonen, og då er det viktig at den eller dei som er oppført som næraste pårørande, får same informasjon som den saka gjeld. *Difor er det viktig at Eldre-pasient-og brukarombodet får som ei av oppgåvene å spesielt sjå til at dei (næraste) pårørande til eldre får same informasjonen som den saka gjeld*, og slik lova krev . Det vil samsvara med tilråding frå Ariansonutvalet om at det burde bli "Bedre oppfølging og ivaretaking av pasienter, brukere og pårørende, og styrking av deres rettigheter."

### Samarbeid ombud og eldreråd

I kapitel 6 i høyringsdokumentet vert det sagt at "omleggingen vil også kreve et tettere samarbeid mellom for eksempel eldrerådene og kommunale brukerråd." Fylkeseldrerådet i Hordaland er positiv til at eldreråda kan bli ein medhjelpar i å gjera Eldre-pasient-og brukarområdet sitt arbeid meir kjent.

### Lokalisering av Nasjonalt Eldre-pasient- og brukarombod

I høyringsdokumentet vert lokalisering av det nasjonale ombudet drøfta. Hordaland Fylkes-eldreråd støttar departementet sitt forslag om å lokalisera det nasjonale ombudet til eit av dei lokale omboda. Sidan alle omboda, også det nasjonale ombudet, skal ha ei uavhengig og fri rolle, meiner Fylkeseldrerådet i Hordaland dessutan at lokaliseringa ikkje bør bli Oslo eller Oslo sitt nærrområde.

### Felles nasjonalt og lokalt ombod?

I høyringsdokumentet vert det drøfta om det *nasjonale* eldre-pasient- og brukarombodet og det *lokale* ombudet der det nasjonale ombudet vert plassert, skal vera same person. Departementet føreslår ei slik ordning. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at det i den saka må bli lagt stor vekt på kva dei lokale omboda meiner.

## **VEIKSKAPAR I FORSLAGET:**

### ***Ikkje alle utøvarar i helsesektoren er inkludert i ombodsordninga***

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein veikskap i forslaget til arbeidsområde for omboda at ikkje alle tilbydarar av helse- og omsorgstenester er omfatta.

I høyringsdokumentet vert det på side 4 vist til at Ariansonutvalet i sine tilrådingar ønskte vurdert å utvida ombodet sitt arbeidsområde til ”å gjelde alle helse- og omsorgstjenester, også tannhelsetjenester og rent private tjenester.”

Når det gjeld forslag til arbeidsområde for ombodet, er tilrådinga frå Ariansonutvalet følgt opp når det gjeld fylkeskommunal (og kommunal) tannhelseteneste, men ikkje når det gjeld reint private tenester.

I 2015 vart det innført fritt behandlingsval. Ariansonutvalet peikte på at dette skulle tilseia at også dei private tilbydarane burde liggja under ombodet sitt arbeidsområde. Mange stader kan ein også velja mellom kommunalt eller privat drivne sjukeheimar og også mellom kommunale eller private heimetenester. Nokre private tilbydarar har avtale med kommunen eller er godkjende av HELFO og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til ombodet bør omfatta *alle* dei private tilbydarane, også dei som ikkje har kommunal avtale eller er godkjende av HELFO. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at dette vil *sikra rettstryggleiken til pasientar og brukarar*. Når ikkje alle tilbydarar fell inn under Eldre-pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientera seg om kven dei kan klaga på og kven dei ikkje kan klaga på dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester. Ariansonutvalet peiker på dette i følgjande sitat: ”Det er lite tilfredsstillende at det er uklart om visse former for helse- og omsorgstjenester faller innanfor det pliktmessige arbeidsområdet. Dette medfører liten forutsigbarhet for de som kunne tenke seg å henvende seg om tjenester på de aktuelle områdene.”

### **Veikskap i forslaga til lovendingar**

I kapitel 8 vert det gitt ein oversikt over forslag til lovendingar. I lovteksten burde det gått klart fram at også *privat* helse- og omsorgsteneste *med avtale* kjem inn under ordninga.

### **Oppsummering**

Fylkeseldrerådet i Hordaland er glad for at det er føreslått å oppretta eit nasjonalt Eldre- pasient- og brukarombod som mellom anna skal ha ein samordnande rolle og ha særleg fokus på helse- og omsorgstenestene til dei eldre. Vidare at også arbeidsfeltet til noverande pasient- og brukarombod skal verta utvida til å ha spesielt fokus på dei eldre, og at dette kjem fram i det nye namnet på dei lokale omboda. Rådet er også nøgd med at det kjem klart fram at dei næraste pårørande har rett til informasjon og til å bli involverte.

Rådet er spesielt nøgd med at tannhelsetenesta skal inn under omboda sine arbeidsfelt.

Men Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein veikskap at ikkje *alle* helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda ved at private tenester ikkje er med. Det er óg ein veikskap at det ikkje går fram av den føreslåtte lovteksten at private tilbydarar av helse- og omsorgstenester *med avtale* også er omfatta av arbeidsområdet til Eldre- pasient og brukaromboda.

Venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar Fylkeseldrerådet  
For Kåre Ystanes, leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2018/16480-19

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	73/18	04.12.2018

## Svar frå Pensjonistforbundet om sak: Nominasjon til Brukerutvalet i Helse Fonna

### Samandrag

Ved ein inkurie blei fylkeseldrerådet i Hordaland bedne om å oppnemne medlem til brukerutvalet i Helse Fonna. Riktig instand var Pensjonistforbundet i Hordaland.

Fylkeseldrerådet sendte etter sist rådsmøte, 08.11.18, eit brev til Pensjonistforbundet kor Fylkeseldrerådet ba om at Synnøve Solbakken vart oppnemnde som medlem i Helse Fonna sitt brukarutval.

Vedlagt er svar frå Pensjonistforbundet i Hordaland. Fylkeseldrerådet vert bedne om å ta stilling til om det er fleire tiltak som bør gjerast i denne saka.

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





**Pensjonistforbundet**  
Hordaland

Hordaland fylkeskommune

26 NOV 2018

Bergen, 22. november 2018.

***Fylkeseldrerådet i Hordaland***

***v/Gunda Falao Sparre***


**En viser til Deres brev av 12.11.2018 - Sak: Nominasjon til Brukerutvalet i Helse Fonna.**

Pensjonistforbundet Hordaland sitt AU- hadde bl.a. denne saken oppe på sitt møte 16.11.2018.

Pensjonistforbundet Hordaland kan **ikke oppnevne eller slutte seg til** Fylkeseldrerådet sin enstemmige innstilling på Synnøve Solbakken som medlem i Brukerutvalget i Helse Fonna, da hun pr. i dag ikke er medlem i Pensjonistforbundet.

Dette til Deres orientering.

Vennlig hilsen

  
Atle Lerøy (sign.)

Leder Pensjonistforbundet Hordaland

Kopi: AU sine medlemmer i Pensjonistforbundet Hordland



Arkivnr: 2018/16480-7

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	74/18	04.12.2018

### Vestlandskonferansen 2019: Vidare arbeid med program

#### Samandrag

Fylkeseldråda i dei tre fylka Hordaland, Rogaland og Sogn & Fjordane har i fleire valperiodar arrangert ei årleg 2-dagars samling, Vestlandskonferansen, for fylkeseldreråda i desse fylka. Ansvaret for den årlege samlinga går på rundgang mellom fylka, og det er arrangøren som berer dei ekstra utgiftene i samband med konferansen. I 2019 er det Hordaland som har ansvaret for konferansen.

Vestlandskonferansen er fastsatt til den 8. – 9. mai 2019. Vestlandskonferansen 2019 skal vera på Solstrand Hotell og Bad.

Medlemmane i fylkeseldrerådet vert no beden om å kome med overordna tema og program for Vestlandskonferansen 2019.

#### Forslag til vedtak

Medlemmane av fylkeseldrerådet vedtek overordna tema og program for Vestlandskonferansen 2019.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2018/16480-11

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	75/18	04.12.2018

### Revisjon av handlingsplanen 2016-2019

#### Samandrag

Fylkeseldrerådet vil gjennomgå handlingsplanen 2016-2019. Rådsmedlemmane vert oppmoda til å evaluere kva for nokre oppgåver som har blitt gjort i året 2018. Det bør også vurderast om det skal gjerast endringar med tanke på fylkessamanslåinga i 01.01.2020.

Vedlagt er handlingsplan 2016-2019.

#### Forslag til vedtak

Rådsmedlemmane vert oppmoda til å evaluera kva for nokre oppgåver som har blitt gjort i året 2018 og om det bør gjerast endringar med tanke på fylkessamanslåinga.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Handlingsplan 2016-2019



# Handlingsplan 2016-2019

Hordaland fylkeseldreråd

Vedteken 08.12.2016  
Sist revidert 11.01.2018

# INNHALD

<b>FYLKESELDRE RÅDET SITT MANDAT</b> .....	<b>4</b>
Eldrerådslova, kap II, § 7: .....	4
Fylkeseldrerådet; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen .....	4
<b>1 SAMFERDSLE</b> .....	<b>4</b>
<b>2. FOLKEHELSE OG TANNHELSE</b> .....	<b>5</b>
<b>3. KULTUR</b> .....	<b>5</b>
<b>4. VIDAREGÅANDE OPPLÆRING</b> .....	<b>5</b>
<b>5. FYLKESELDRE RÅDET SOM FORMIDLAR AV KUNNSKAP OG INFORMASJON</b> .....	<b>6</b>
<b>6. ELDRE SOM RESSURS</b> .....	<b>6</b>
<b>7. EIT AKTIVT FYLKESELDRE RÅD</b> .....	<b>6</b>

# Fylkeseldrerådet sitt mandat

## ELDRERÅDSLOVA, KAP II, § 7:

- Eldrerådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunen
- Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget handsamar sakene.
- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.
- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.
- Protokollen frå rådsmøtet skal fylgja saksdokumenta til dei fylkeskommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

## FYLKESELDRE RÅDET; EIT REELT SAMARBEIDSORGAN FOR FYLKESKOMMUNEN

Fylkeseldrerådet (Fyel) skal vera eit reelt rådgivings- og samarbeidsorgan for fylkeskommunen (HFK). For å kunna gjera godt arbeid trengs det opplæring i lovverket, i kva oppgåver rådet har, og informasjon om praktiske tilhøve rådsmedlemmene treng å ha kunnskap om.

- A Alle nye medlemmer og varamedlemmer i rådet må få tilbod om opplærings slik at dei kan ivareta rolla si best mogleg.
- B Budsjettet må bli lagt fram for fylkeseldrerådet i god tid. Det krev god samhandling med økonomi- og organisasjonsavdelinga. Likeeins må rådet få tidleg kunnskap om planarbeidet i fylkeskommunen og kjennskap til når sakene skal handsamast i dei politiske organa, noko som krev god samhandling med planavdelinga. Fylkeseldrerådet vil difor krevja å bli tidleg informert om planane HFK har når det gjeld alle HFK sine ansvarsområde, som er:
  1. Samferdsle
  2. Folkehelse
  3. Tannhelse
  4. Vidaregåande opplæring
  5. Kultur
  6. Regional utvikling
- C Fylkeseldrerådet vil arbeida for å hindra diskriminering og fremja likeverd i i saker rådet handsamar.
- D Fylkeseldrerådet vil også på eige initiativ gi innspel og engasjera seg på område som fylkeseldrerådet meiner er viktige for dei eldre i Hordaland fylkeskommune.

## 1 Samferdsle

- A Fylkeseldrerådet vil ha særleg merksemd på ordningane for kollektivtrafikken i fylket, både når det gjeld lokaltrafikken i kommunane og langdistansetrafiikk over kommunegrensene , med særleg fokus på:
  - a) Skyss sine tilbod både når det gjeld ruteopplegget, informasjonen til brukarane og tilrettelegging for eldre og funksjonshemma.
- B Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle vegplanar inneheld punkt om at
  - a) det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd.
- C Fylkeseldrerådet vil arbeida for at universell utforming også må gjelda for
  - a) innreiing av dei kollektive transportmidla som fylket har ansvaret for
  - b) tilkomst til alle fylkeskommunale bygg

- c) delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt, slik at fylkeseldrerådet blir representert i alle prosjekt/ byggeplanar i fylkeskommunal regi.
  - d) arbeida for at turområde vert tilrettelagde for rørslehemma slik at dei kan koma seg ut i naturen på eiga hand eller ved hjelp av medhjelpar.
- D Fylkeseldrerådet vil arbeida for at punkt 12 i "Retningsliner for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland" (TT-kort) vert endra, slik at brukarar som er innvilga TT-kort ikkje misser dette sjølv om dei vert innlagde i institusjon.
- E Fylkeseldrerådet tilrår at Fylkeskommunen i samarbeid med Trygg Trafikk fokuserer på trafikksikringstiltak for utsette grupper.
- F Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle haldeplassar har leskur som gir ly for vind og regn, har godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstigning.
- G Fylkeseldrerådet vil oppmuntra dei lokale eldreråda til å søkja om midlar til trafikktiltak særleg retta mot born og eldre.

## 2. Folkehelse og tannhelse

### *Folkehelse*

Fylkeseldrerådet vil

- a) halde seg orientert om utviklinga i fylket når det gjeld helsetiltak for eldre
- b) oppmoda om at økonomisk støtte til aktivitetstiltak for eldre (etter søknad) i regi av kommunale eldreråd eller organisasjonar blir lagt inn i fylkeskommunen sitt budsjett.

Fylkeseldrerådet vil

- a) vera representert i brukarutvala for sjukehusa i fylket
- b) samarbeida med fylka Sogn og Fjordane og Rogaland om representasjon regionsvis i helseføretaka

### *Tannhelse*

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at

- a) tannhelsetenester kjem inn under dei same reglane som helsetenester elles, til dømes når det gjeld eigenandelar og refusjonar
- b) ordninga med fylkeskommunal tannhelseteneste må oppretthaldast
- c) talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar ikkje blir redusert
- d) det blir oppretta ambulerande tannklinikkar i distrikta

## 3. Kultur

Fylkeseldrerådet vil arbeida for

- a) at staten aukar tilskotsramene til Den kulturelle spaserstokken
- b) at eldre og funksjonshemma kan delta i kulturtilbod der dei bur
- c) at det blir lagt tilrette for at eldre og rørslehemma kan koma seg ut i naturen og fram til fritluftstilbod
- d) at det blir avsett midlar til å støtta opp om friviljuge organisasjonar som arbeider for eller organiserer eldre

## 4. Vidaregåande opplæring

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at fylkeskommunen

- a) gir tilstrekkeleg utdanningstilbod innanfor område som er relevante for å få nok personell i eldreomsorga, til dømes i helse- og sosialfag



- b) tilbyr lærlingplassar i sine verksemdar, slik at elevane får fullført utdanning i t.d. sosial-og helsefag
- c) fylkeskommunen oppfordrar kommunane og helseføretaka til å tilby lærlingplassar innan til dømes sosial- og helsefag i kommunale verksemdar
- d) gir tilbod til vaksne, slik at personar som er i arbeid i helse- og sosialfagområdet, men ikkje har formell utdanning, kan få fagbrev eller annan dokumentasjon på kompetansen sin.

## 5. Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon

- A Fylkeseldrerådet vil halda seg orientert om utviklinga innanfor eldreomsorga generelt og eldreomsorgsteknologien spesielt, både i Noreg og i Europa ved å
  - a) delta på, relevante kurs som blir arrangert
  - b) delta på fellessamling for fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Rogaland
  - c) delta på Landskonferanse for alle fylkeseldreråd i Noreg
  - d) delta på studietur saman med nabofylka.
- B Fylkeseldrerådet vil formidla kunnskap innanfor eldreomsorg og eldrepolitikk ved å arrangera årlege konferansar for alle kommunale eldreråd i Hordaland fylke
- C Fylkeseldrerådet vil arbeida for god kontakt med dei kommunale eldreråda bl.a. ved å senda elektronisk informasjon om komande møte og protokoll til dei lokale eldreråda.

## 6. Eldre som ressurs

Fylkeseldrerådet vil arbeida for å synleggjera eldre som ressurspersonar og leggja til rette for at eldre kan påta seg ulike offentlege verv.


## 7. Eit aktivt Fylkeseldreråd

- Fylkeseldrerådet vil arbeida for å gjøra rådet meir synleg ved å
- a) ta meir kontakt med media, til dømes ved å bruka lokal- og regionsaviser.
  - b) leggja fram eigne saker for dei politiske organa i fylket



Frå venstre: Synnøve Solbakken, Monrad Reigstad, Inger M. Lingjerde, Dianne Kilvær (sekr), Kåre Ystanes, Gunda F. Sparre, Inger Sjong, Odd Himle





HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels  
gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til



Arkivnr: 2018/16480-10

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	76/18	04.12.2018

### Første utkast til Årsmelding 2018

#### Samandrag

Fylkeseldrerådet skal kvart år legge fram årsmelding for fylkestinget innan 1. juli. Dette går fram av reglementet for fylkeseldrerådet punkt 2. Arbeidsutvalet for fylkeseldrerådet har utarbeid forslag til ein tekst til årsmelding for 2018.

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innan sitt ansvarsområde arbeide med overordna politikkkutforming for eldre i Hordaland.

Rådet har sju oppnemnde medlemmer av fylkestinget. Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemmane i utval for miljø og samferdsel og eit medlem med varamedlem mellom medlemmene i utval for opplæring og helse. Fem medlemmer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeningar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

I årsmeldinga for 2018 har ein gjeve ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for året 2018. Det vert mellom anna gjeve ein oversikt over saker som fylkeseldrerådet spesielt har jobba med, deltaking i ulike prosjekt og ein oversikt over høringar der rådet har uttala seg.

Årsmeldinga vil få ein annan layout før den skal handsamast i fylkesutvalet og i fylkestinget.

#### Forslag til vedtak

Årsmelding 2018 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Årsmelding 2018 for fylkeseldrerådet.

# Årsmelding 2018

## Hordaland fylkeseldreråd

### Innleiing

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gitt eldre personar auka medraderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

*”Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar.”*

Eldreråda er viktige talerør i denne samanhengen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgivande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemdar når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.HFK.no>) til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

### Samansetjing av fylkeseldrerådet (FYEL)

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå pensjonistforeiningar i fylket.

### For valperioden 2015 – 2019:

	<u>Funksjon</u>	<u>Representerer</u>	
Kåre Ystanes	leiar	PF	Vara: Gunvor Riim Opedal
Gunda Falao Sparre	nestleiar		LOP      Vara: Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad	medlem	PF	Vara: Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	PF	Vara: Kari Solberg
Odd Himle	medlem	SN-H	Vara: Egil Haaland

### Politisk valde representantar:

Synnøve Solbakken	medlem	FL A/SP/SV	Vara: Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	FL H/FRP	Vara: Silje Hjemdal

Hausten 2018 har Fylkeseldrerådet blitt leia av nestleiar Gunda Falao Sparre i leiar Kåre Ystanes sitt sjukefråver

#### **Sekretariat:**

Fylkeseldrerådet (FYEL) har hatt møtesekretær/ sakshandsamar/ rådgjevar som administrativt er knytt til organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Merethe Nordnæs og Berit Dianne Kilvær har delt sekretærfunksjonen frå 1/1-2017.

#### **Arbeidsutval:**

Kåre Ystanes (leiar), Gunda Falao Sparre (nestleiar), Merethe Nordnæs (sekretær for utvalet) har fungert som arbeidsutval for fylkeseldrerådet i 2018.

#### **Budsjett:**

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga. Fylkeseldrerådet hadde i 2018 til disposisjon eit budsjett på kr. 420.000. Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, til den årlege konferansen som Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer for dei kommunale eldreråda i Hordaland, til deltaking på konferansar/seminar, til Vestlandssamarbeidet mellom fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland og til den årlege landskonferansen for fylkeseldreråd.

#### **REPRESENTAR I BRUKARUTVALA for helseføretaka i Hordaland 2017-2019:**

	<b>MEDLEM:</b>	<b>VARA:</b>
<b>Helse Vest:</b>	Sogn og Fjordane fylkeseldreråd	Rogaland Fylkeseldreråd
<b>Helse Bergen:</b>	Inger Lingjerde	Monrad Reigstad
<b>Haraldsplass diakonale sjukehus:</b>	Gunda Falao Sparre,	Odd Himle
<b>Helse Fonna:</b>	Synnøve Solbakken	Rogaland fylkeseldreråd

## **Deltaking på kurs, konferansar og samlingar/ seminar**

#### **SAMLINGAR/SEMINAR:**

Enkeltmedlemmer i Fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar /eksterne møte:

- 29-30/8-18: Samling for representantar i brukarutvala i Helse Bergen. Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre deltok.
- 15/11-18: Lansering resultat av folkehelseundersøkinga i Hordaland. Inger Sjong møtte for fylkeseldrerådet.
- 28.-29/11-18: Fylkesmannen si samling på Voss for oppstart av reforma "Leve hele livet". Odd Himle deltok frå fylkeseldrerådet.

#### **KONFERANSAR**

- 1. Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland** (7-8 nov. 2018 i Bergen) i regi av Fylkeseldrerådet i Hordaland

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2018 gjekk føre seg på Scandic: Hotell Neptun i Valckendorfsgt 8 i Bergen.

Konferansen vart opna av nestleiar Gunda Falao Sparre. Fylkesvaraordførar Pål Kårbø helste deltakarane frå fylkeskommunen og frå fylkesordførar Anne Gine Hestetun, som var blitt forhindra i siste liten. Helene Reigstad stod for musikalsk innslag ved opninga.

Første dag blei avslutta med felles middag. Kst fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen helste deltakarane og heldt tale. Under middagen var det kulturinnslag ved Øyvind Offerdal.

Program for konferansen: Sjå vedlegg I

## 2. Vestlandskonferansen 2018. (7-8 mai 2018)

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2018 var Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane vert for konferansen, som vart halden i Loen.

Program for konferansen: Sjå vedlegg II

## 3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2018 (4. – 6. juni 2018)

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2018 fann landskonferansen stad i Ålesund.

Program for konferansen: Sjå vedlegg III

# Møte og saksområde 2018

Fylkeseldrerådet har i 2018 hatt 7 rådsmøte og handsama 10 større saker. Rådet har gjeve uttale til høyringsframlegg og innspel i saker der dette har vore spurt etter. Rådet har også tatt opp saker som det har fått kjennskap til ved brev og innspel til rådet. Rådet har også fremja saker som det har initiert sjølv. Arbeidsutvalet (AU) har hatt 6 møte, som dels har vore telefonmøte for å spara reiseutgifter.

### SAKER SOM DET HAR BLITT ARBEIDD SPESIELT MED:

- Informasjon om dei ulike saksfelta fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Diverse saker med innspel til Skyss, mellom anna kollektivtrafikken; buss, båt og bane
- Innspel i samband med regionsreforma, til dømes Fylkeseldreråda som eige råd i dei nye regionane.
- Innspel i samband med forslag om at tannhelse skal bli eit kommunalt ansvar
- Foreslått nedlegging av båtruter til veglause grender på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås
- Endra reglar frå Helse Vest om forslagsrett om representasjon i regionale brukarutval.
- Universell utforming
- Justering av Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2015-2019
- Årsmelding 2018

### RÅDSMØTE:

#### 11/01-2018:

Foreslått nedlegging av båtruter til veglause grender på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås. Endra reglar frå Helse Vest om forslagsrett om representasjon i regionale brukarutval. Revisjon av Handlingsplan 2015-2019. Årsmelding 2017 vedtatt.

#### 15/03-2018:

Orientering frå regionsavdelinga v/ Marit Rødseth om planarbeidet i Hordaland fylkeskommune. Status for mammografibussen i Nordhordland. Framlegg til Skyss om støtte til forslag frå Haraldsplass diakonale sjukehus om

å endra namn på busshaldeplassen i Årstadveien. Vedtak om å gi kommentarar til spørjeskjema i samband med folkehelseundersøking i Hordaland. Start planlegging av Fylkeseldrerådet sin eldrerådskonferanse 2018.

**24.05-2018:**

Presentasjon om regionsreforma v/ Thorbjørn Aarethun frå prosjektsekretariatet. Orientering om mat og ernæring for eldre v/ Liv Stray Breistein, rådgivar i Byrådsavdeling for helse og omsorg i Bergen kommune. Serviceliner i Bergen. Forslag til saker til den nasjonale fylkeseldrerådskonferansen.

**06/09-2018:**

Hege Østgaard, Haraldsplass diakonale sjukehus orienterte om ernæringsutfordringar hos eldre og eit kosthald for god helse. Torbjørn Brosvik, Statens vegvesen region vest, presenterte kurstillbodet Bilfører 65+ Økonomi for fylkeseldrerådet for året 2019. Nye ruter Skyss Nordhordland. Vedtak om kommentar til saka om Endringar i programområde – investerings-program for fylkesvegnettet 2018. (Kommentaren er gitt att nedanfor).

**27/09-2018:**

Orientering om budsjett 2019 for Hordaland fylkeskommune og for fylkeseldrerådet v/ Nils Erik Vetlesand, direktør for økonomi og organisasjon. Oppnemning av representant til brukarutvalet i Helse Fonna og i Helse Bergen. Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger- Knappskog (veglause grender).

**08/11-2018:**

Orientering om tannhelsetenestene i Hordaland fylkeskommune v/ fylkestannlege Arne Åsan, som også svarte på spørsmål fylkeseldrerådet hadde sendt inn på førehand. Vedtatt å uttale seg til Plan om likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune. (Uttalen er gitt att nedanfor). Evaluering av fylkeseldrerådet sin eldrerådskonferanse 6-7 november. Start planlegging av program til Vestlandskonferansen 2019. Start planlegging av fylkeseldrerådet sin eldrerådskonferanse 2019.

**04/12-2018:**

Orientering frå Skyss v/ \_\_\_\_\_ og svar på spørsmål som var sendt inn på førehand. Vedtak av høyringsuttale til etablering av nasjonalt Eldre-pasient-og brukarombod. (Uttalen er gitt att nedanfor). Oppfordring til politikarane i fylkesutvalet i samband med "Tilbudsstruktur 2019/20" (klassesaka). (Oppfordringa er gitt att nedanfor).

**AU-møte:**

16/02-2018: Førebuing mm Fyelmøte den 15.03-2018

30.04-2018: Førebuing mm Fyelmøte den 24.05-2018

17.08-2018: Førebuing mm Fyelmøte den 06.09-2018

18.09-2018 Førebuing mm Fyelmøte den 27.09-2018

30.10-2018: Førebuing mm Fyelmøte den 08.11-2018

20/11-2018: Førebuing mm Fyelmøte den 04.12-2018

## HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL I SAKER

Fylkeseldrerådet har i 2018 mellom anna gjeve uttale/ innspel i følgjande saker:

**1. KOMMENTAR TIL SAK OM ENDRINGAR I PROGRAMOMRÅDE – INVESTERINGS- PROGRAM FOR FYLKESVEGNETTET 2018.**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 06.09-18 i sak PS 41/18 å gi denne kommentaren:

"Fylkeseldrerådet støttar vedtak som i varetar tiltak mot alle trafikkantar for sikrere trafikk, og spesielt tiltak retta mot mjuke trafikkantar."

**2. UTTALE OM PLAN FOR LIKEVERD OG LIKESTILLING I HFK**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 08.11-2018 i sak PS 59/2018 å uttala seg.

Følgjande uttale blei gitt:

"Fylkeseldrerådet handsama rapport vedr. Plan for likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune under sak 59/18 på møte den 08.11.2018.



Fylkeseldrerådet er svært nøgd med at Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein så omfattande handlingsplan for likeverd og likestilling. Og for at fylkeskommunen har forplikta seg til å intensivera det viktige området likeverd og likestilling gjennom å underteikna det europeiske . Vidare, at fylkeskommunen har forplikta seg til at dette skal vera ein forpliktande prosess og ein prioritert del av arbeidet med alle dei fylkeskommunale planar og styringsdokument.

Fylkeseldrerådet vil påpeika faren for eventuelt manglande opfølging i ein del av dei fylkeskommunale einingane, og at likeverdsplan gjerne ikkje blir følgt godt nok opp i lokale HMS- planar, reglement og rutinar. Arbeidsgjeverperspektivet

Det er særst viktig at det frå øversteleing vert stilt krav til den einskilde leiar om å ta ansvar for dette arbeidet og at ein synleggjer at det er nulltoleranse for mobbing og alle formar for trakassering og forskjellshandsaming pga kjønn og funksjonsevne, i heile fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet vil særskilt påpeika at eldre arbeidstakarar ikkje må oppleva diskriminering eller utfrysing og at ein prøver å få fleire kvinner inn i leiarstillingar også gjennom interne opprykk. Det må óg vera eit mål at alle deltidstilsette som ønskjer det, får sjansar til auka stillingsgrad. Dette bør ein vera særskilt merksam på når det gjeld omstillingsprosessar.

Universell utforming

Vidare vil eldrerådet, på ny, få presisera at alle fylkeskommunale einingar må tilretteleggast for funksjonshema, som svaksynte/ blinde, rullestolsbrukarar, rørslehemma, eldre og andre som har trong for tilrettelegging. Dette må omfatta alle offisielle bygningar, transportmidlar, haldeplassar, gang- og sykkelstiar mv., og er eit arbeid som må prioriterast.”

### **3. HØYRINGSUTTALE TIL ETABLERING AV NASJONALT ELDTRE-PASIENT- OG BRUKAROMBOD**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 08.11-2018 i sak PS 2018 å uttala seg. Følgjande uttale blei gitt:

### **4. JUSTERING AV TILBODSSTRUKTUREN 2019/2020 (klassesaka). OPPFORDRING TIL MEDLEMMENE I FYLKESUTVALET**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 04.12-2018 i sak PS /2018 å uttala seg. Følgjande uttale blei gitt:

## **Oppsummering**

Fylkeseldrerådet skal vera ein nyttig samarbeidspartnar for fylkeskommunen i høve til dei eldre. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg får innsikt i ulike saker som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan handsama sakene. Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er glad for at ein har fått etablert eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane i HFK når det gjeld informasjon og orienteringar til rådet.

Rådet er også medvete om at det kan ta opp saker på eiga hand. Ei slik sak har vore at ein ikkje skal tapa TT-kortet sitt om ein vert innlagd på institusjon. Rådet er difor tilfreds med at denne regelen er tatt bort i dei nye retningslinene for TT-kort som gjeld frå 1/8-2018.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samarbeida med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd. Protokoll frå Fylkeseldrerådet sine møte blir sendt dei einskilde kommunale eldreråda og ligg også på fylkeskommunen si heimeside.

Medlemmer i Fylkeseldrerådet er representantar og vararepresentantar i helseføretaka for perioden 2017-2019. Representantane gir tilbakemelding til Fylkeseldrerådet frå brukarmøta, og protokoll frå møta i brukarutvala blir sendt til Fylkeseldrerådet.

Bergen den

Fylkeseldrerådet

Gunda Falao Sparre, nestleiar i Fylkeseldrerådet  
For Kåre Ystanes, leiar

# Vedlegg I

## **Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland Bergen 6. – 7. november 2018**

(Helsing dag 1 ved opninga var ved fylkesvaraordførar Pål Kårbø)

(Innleiarar under tema eldreråd presenterer seg, var Ola T. Sekse frå Odda eldreråd og Bjørn Sivertsen frå Os eldreråd.)

## Vedlegg II

**Vestlandskonferansen 2018, Loen 7. - 8. mai 2018**

## Vedlegg III

**Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd, Tromsø 4. – 6. juni 2018**



Arkivnr: 2018/16480-8

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	77/18	04.12.2018

### Eldrerådskonferansen 2019: Val av hotell

#### Samandrag

Eldrerådskonferansen 2019 leggjast til tysdag 5. november til onsdag 6. november.

Fylkeseldrerådet vedtok 08.11.18 og undersøka Hotell Terminus, eventuelt Scandic Ørnen, som konferansehotell for Eldrerådskonferansen. Det er ikkje høve til å reservere Hotell Norge. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har innhenta tilbod frå Hotell Terminus. Dei opplyser at det bare har ekstra grupperom på dag nr. 2.

Det vil gjennomførast ei befaring for å sørkje for at alt det tekniske utstyret er i orden. Ein reservasjon av hotellet føreset at dette er på plass.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet reserverar Hotell Terminus for Eldrerådskonferansen 2019.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*